



HØGSKULEN FOR
LANDBRUK OG
BYGDEUTVIKLING

Nærmiljø og folkehelse Rogaland

Sluttrapport frå følgeevalueringa



ROGALAND
FYLKESKOMMUNE



STAVANGER KOMMUNE



TYSVÆR
KOMMUNE



Randaberg
kommune

Johan Barstad

Arbeidsrapport 2018

Finst berre i elektronisk utgåve



Forord

Arbeidet med denne sluttrapporteringa er gjennomført hausten 2018. Arbeidet er i hovudsak utført av Johan Barstad, seniorforskar ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB). Målet har vore å gje ei prosessorientert tilbakemelding på korleis prosjektarbeidet på fylkes- og kommunenivå har bidratt til å utvikle, tilpasse, endre og gjennomføre prosjektmåla i det nasjonale prosjektet.

HLB har vore regionalt kompetansemiljø for Rogaland, og har vore engasjert til å rådgje og følge prosjektet undervegs. Vi har tidlegare levert to korte årsrapporteringar (for 2016 og 2017). I denne sluttrapporten prøver vi løfte oss frå desse meir konkrete årsrapporteringane til å behandle dei meir strukturelle utfordringane kring det å køyre eit relativt komplekst og ope utviklingsprosjekt på fleire nivå og retta mot mange og ulike deltakarar, bidragsytarar og ansvarlege. Dette betyr at ein i prosjektet har måtte utvikle og endre undervegs. Tilpasse aktivitetar til mulegheiter som dukka opp – eller vart borte, og gjere endringar etter som ein har gjort nye erfaringar.

For HLB har dette vore eit interessant oppdrag, og vi vonar vi har greidd å bringe vidar noko av det vi har opplevd som spennande: at prosjektet har vore levande og i utvikling, at ein har tilpassa seg på basis av læring undervegs og at sluttresultatet slik kanskje er noko anna enn det ein kunne vente då prosjektet var vedtatt i 2015.

Alle vurderingar som er gjort står for forfattaren si rekning.

Bryne/Vigrestad, 29. november 2018

Johan Barstad
Seniorforskar HLB

Innhald

1) INNHALD	5
2) INNLEIING	7
3) METODE OG DESIGN	11
FØLGEEVALUERING	11
DUGNADSMODELLEN	12
KORT OM DEI FEM VARIABLANE	14
<i>Mobilisering</i>	14
<i>Organisering</i>	14
<i>Gjennomføring (implementering)</i>	15
<i>Læring og evaluering</i>	15
<i>Kontekst</i>	16
DUGNADSMODELLEN – SAME VARIABLAR PÅ FLEIRE NIVÅ	17
STRUKTUR I DRØFTINGA.....	18
4) KONTEKST	19
OM DET KONTEKSTUELLE VED PROSJEKTET (PROSJEKTA)	21
<i>Strukturelt</i>	21
<i>Innhaldsmessig</i>	23
<i>Ressursmessig</i>	24
5) ORGANISERING	25
STRUKTURAR SOM TEK ANSVAR FOR ELLER MEDVERKAR TIL Å GJENNOMFØRE AKTIVITETAR OG TILTAK	26
STØTTE FRÅ INNBYGGARANE SLIK AT BÅDE EKSISTERANDE OG NYE STRUKTURAR FÅR LEGITIMITET TIL Å OPPTRE PÅ DEIRA VEGNER .	30
ARENAER, NETTVERK OG ALLIANSAR MELLOM ETABLERTE ORGAN OG INNBYGGJARANE, OG MELLOM DESSE OG OMVERDA	32
AT STYRINGSORGAN ER I STAND TIL Å PRIORITERE RESSURSAR TIL TILTAK OG AKTIVITETAR, KONKRETISERE DETTE I	
HANDLINGSPROGRAM OG EVNE Å FØLJE OPP HANDLINGSPROGRAMMA.....	33
6) GJENNOMFØRING AV TILTAK – IMPLEMENTERING	35
FYLKESPROSJEKTET	35
Kontakt- og kompetansesamlingar	36
Utfordringar med kvalitative data	36
Utfordringar med deltaking	38
<i>Studieturen</i>	39
ELDSJELENE – DEI SOM BRENN HARDT OG STERKT.....	40
DIALOGBASERTE TILTAK	42
KONTROLL OVER VERKEMIDDEL SOM TRENGST FOR Å GJENNOMFØRE (VERKTØY, MASKINER, BYGNINGAR OG KOMPETANSE)	43
GODE TILTAK KAN GJE FORHANDLINGSSTYRKE OG BETRA POSISJON OVERFOR ANDRE AKTØRAR	44
SAMARBEIDSAVTALAR SOM REGULERER AKTIVITETANE	46
FORMELT GRUNNLAG I LOVER OG RETNINGSLINER. KOMPETANSE OG TILGANG PÅ VERKEMIDDEL OG REELL KAPASITET TIL Å	
KONTROLLERE GJENNOMFØRING AV TILTAK OG SATSINGAR.....	48
7) MOBILISERING OG FORANKRING	49
MAKT ELLER MEDVERKNAD	50
GOVERNANCE OG SAMFUNNSSTYRING	51
IDYLL ELLER KONFLIKT	52
OM MEDVERKNAD I PROSJEKTA	54
HAR KOMMUNANE REALISTISK OPPFATNING AV SITUASJONEN?	58
VERT DET FOKUSERER PÅ DEI VIKTIGASTE UTVIKLINGSTREKKA OG UTFORDRINGANE	59
<i>Fylkesprosjektet</i>	61
INVOLVERING/FORPLIKTING.....	62
EKSISTERER DET EIN VISJON FOR FRAMTIDA SOM DET ER BREI SEMJE OM?	63
ENGASJERER AKTØRANE SEG SJØLVE FOR Å BETRE (DEN AKTUELLE) SITUASJONEN?	64

8)	LÆRING OG REFLEKSJON	67
----	----------------------------	----

0) Innleiing

«Nærmiljø» og «Folkehelse» er kvar for seg omgrep som har vore i fokus i lang tid. Både kva gjeld oss alle som privatpersonar, men kanskje særleg i det offentlege. Ein stor del av offentleg aktivitet er knytt til tilhøve som påverkar – eller vert påverka av – korleis vi har det i våre nære miljø og korleis (lokal)samfunnet påverkar helse og velferd. Dei har påverknad på både private og offentlege utgifter og får såleis ein naturleg plass i det offentlege ordskiftet og i leitinga etter dei beste tiltaka og tilretteleggingane. «Nærmiljø og folkehelse» fortel om samanheng mellom omgrepa, at dei påverkar kvarandre gjensidig.

I denne sluttrapporten presenterer vi erfaringar og vurderingar frå arbeidet som høgskulen har gjort som rettleiar/følgforskar for Rogaland i prosjektet «Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse¹». Eit treårig prosjekt i regi av Helse- og omsorgsdepartementet/Helsedirektoratet, eit prosjekt som totalt har omfatta 8 fylkeskommunar og vel 40 kommunar.

Prosjektets hovudmål har vore «Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse». Dette vert nærare operasjonalisert gjennom delmåla:

- Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelsefeltet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdsprosessar.
- Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna.
- Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet.
- Legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.
- Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjoner om nærmiljø og lokalsamfunnskvaliteter si betydning for folkehelse.

¹ <https://helsedirektoratet.no/tilskudd/kartlegging-og-utviklingsarbeid-om-nermiljo-og-lokalsamfunn-som-fremmer-folkehelse#tildelingskriterier>

Høgskulen i Volda har ansvaret for den nasjonale evalueringa av prosjektet, og ein sluttrapport skal ligge føre innan 1. april 2019.

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling har sidan 2016 hatt rolle som rådgjevar og kompetanseaktør for fylkesprosjektet i Rogaland (jf. siste delmål), i tillegg til å skulle vere følgeforskar for prosjektet i fylket. Dette betyr at vi har brukt ressursane på å delta og observere. Vi har deltatt som rådgjevar og kompetanseutviklar, og vi har gått inn i prosjektet, deltatt på møte og samlingar og invitert oss sjølve inn til samtalar med prosjektaktørane.

Dette siste for å kunne fylle rolla som følgeforskar. Følgeforskaren skal vere ein slags kombinasjon av observatør og aktiv deltakar – men utan å gå direkte inn i interne avgjerdsprosessar. Siktemålet har vore at vi, gjennom å involvere oss i refleksjon og samtalar med aktørane skal bidra til at dei vert betre i stand til å ta eigne val. Dette er særleg viktig i prosjekt av denne typen, der ein i stor grad må utvikle, tilpasse og endre prosjekttinnhaldet undervegs. I slike høve er det nyttig å ha ein følgeforskar som har kompetanse på dei aktuelle utfordringane, som har metode- og fasiliteringskompetanse og slik kan bidra med kritisk refleksjon for at prosjektet sjølv skal kunne velje vegen framover. Følgeforsking vert ofte samanlikna med aksjonsforsking, men skil seg frå denne nettopp ved at forskarane ikkje skal vere aktive i det å gjere avgjerder. Prosjektet må sjølv ta ansvar for sine val, følgeforskaren skal kun bidra slik at prosjektet kan velje kunnskapsbasert og reflektert.

I prosjektet har HLB som sagt delteke aktivt på møte og samlingar. Ressursane har ikkje gjort det muleg å vere til stades på alle møte og aktivitetar lokalt i kommuneprojekta, men vi har hatt tilgang til skriftleg og munnleg dokumentasjon frå det aller meste.

Kommuneprojekta utarbeidd årlege rapporteringar/eigenevalueringar. Desse skildrar dei konkrete aktivitetane i prosjekta. Vår sluttrapportering går difor ikkje inn på aktivitetane spesielt. Som følgeforskar ser vi det som viktig å få fram dei meir prosess-relaterte erfaringane frå prosjektet. Korleis har ein jobba med å organisere, strukturere, forankre og gjennomføre prosjektet. Korleis har ein arbeidd med å lære – i prosjektorganisasjonen og overfor kommunen elles.

For å kunne nærme oss dette, har vi i sluttrapporten valt å legge opp arbeidet etter ein mal vi tidlegare har nytta med hell for å evaluere utviklingsprosjekt – Dugnadsmodellen (sjå om denne i metodekapitlet). Dette er ein metodikk der ein evaluerer på bakgrunn av det ein kan observere kring fem sentrale variablar.

1) Metode og design

Følgerevaluering

HLB har vore engasjert til å følge prosjektet og vere rådgjevar for prosjektet på fylkesnivå og i kommunane. Oppdraget starta våren/sommaren 2016 og går ut 2018. I tillegg er HLB engasjert av Tysvær kommune til å bistå kommunen i bearbeiding av innsamla materiale og i kompetansebygging for å bruke og behandle kvalitative data. Tre personar har vore involvert i arbeidet. Siste halvåret har dette av praktiske grunnar (pappapermisjon bl.a.) vore følgt opp av ein person. Det er denne personen som har hatt hovudansvar for å skrive sluttrapporten.

Arbeidet med å følge med og rådgje har vore utført etter ein følgeforskningsmodell. Dette betyr at forskarane har lagt vekt på å kunne vere til stades for å observere og engasjere seg gjennom samtalar med prosjektaktørane. Følgeforskaren skal ideelt sett vere som ein del av prosjektet men med ei viktig avgrensing: hen skal ikkje vere aktiv i å ta/førebu avgjerder. Målet er at følgeforskaren gjennom å engasjere aktørane i reflekterande samtalar skal hjelpe desse til sjølv å ta naudsynte avgjerder, gjere endringar m.v. dette bl.a. for ikkje å ta ansvar bort frå prosjekt/prosjektansvarlege, og for å bidra til å involvere fleire aktørar aktivt inn i prosjekta.


Slik sett vert følgeforsking eit tenleg verktøy når prosjekt skal gjennomførast i komplekse situasjonar (i den verkelege verda). Dvs. der ein i liten grad har kontroll over viktige faktorar som t.d. ulike aktørar si interesse for og mulegheit til å involvere seg. Då vert ein i stor grad avhengig av å kunne gjere endringar, tilpassingar og handlingsval undervegs fordi ein møter utfordringar ein ikkje kjende på førehand og som ein sjølv ikkje har makt til å kunne kontrollere. Vidare vil det ofte vere slik at ytre sett like situasjonar vil kunne opplevast som ulike, m.a. fordi det vil vere ulike aktørar involvert, eller at aktørane har ulik grad av engasjement/motivasjon for å delta frå gong til gong.

Dette har medført at observasjonar og samtalar har vore hovudkjelda til informasjon og slik også har blitt den basis som evalueringa byggjer på. Evalueringa har fokus på prosessane meir

enn dei konkrete aktivitetane, og korleis informantane har vore opplevd å delta i desse. Dei konkrete resultat og skildring av dei konkrete aktivitetane i prosjektet er ikkje vektlagt i denne evalueringa. Desse vert dokumentert gjennom dei kommunale prosjekta sine egne rapporteringar.

Dugnadsmodellen

Når satsingar eller tiltak skal evaluerast, vil målet vere å få fram kunnskap om kva som har skjedd – og kvifor. Bl.a. for at ein seinare ønskjer bruke kunnskapen til å generalisere og identifisere t.d. suksesskriterium og sentrale utfordringar. Vi set oss her eit ikkje fullt så ambisiøst mål: Hovudmålet vårt er å gje ei skildring av korleis prosjektet vart gjennomført med vekt på å beskrive aktørane sine arbeidsmetodar og forståing(ar). Vi ønskjer å gjere dette i lys av ein enkel modell: *Dugnadsmodellen*. Dette er ein modell som har synt seg høve godt når ein skal analysere, evaluere eller beskrive slike former for utviklingssatsingar.



Figur 1 Dugnadsmodellen. Modell for å studere utviklingssatsingar. (Amdam 2005)

Dette er ingen forklaringsmodell som gjev satsingar karakter for «vellukkaheit», den stiller opp enkle moment for systematisk å kunne skildre det vi opplever er vesentlege sider ved vellukka prosjektgjennomføring. Den peikar på nokre viktige moment som i

regelen vil vere til stades, og systematiserer desse slik at ein kan sjå korleis dei er vortne handterte. Modellen er nærare skildra bl.a. i bøkene "Variablar og verktøy i samfunnsplanlegginga" (1993²) og Planlegging som handling» (2005³ og 2011⁴) og har med hell vore nytta i fleire evalueringar av ulike typar av satsingar (Stokken et. al, 2011⁵, Barstad et.al. 2012⁶, Barstad 2014⁷, Barstad 2017⁸)

Modellen er bygd kring fem sentrale moment som ein har røynt vil vere viktige i lokale utviklingssatsingar. Vi knyter desse til:

- *Mobilisering* (Korleis deltakarane kan engasjerast til handling)
- *Organisering* (Korleis satsinga vert lagt opp og tilpassa andre aktivitetar)
- *Gjennomføring/implementering* (Korleis ein konkret legg opp og utfører arbeidsoppgåvene)
- *Læring eller evaluering* (Korleis ein brukar satsinga til å bygge kunnskap)
- *Kontekst* (Dei ytre tilhøva som påverkar satsinga sine mulegheiter)

Prosjektet påverkar - men blir også sjølv påverka gjennom desse fem momenta, både kva gjeld å etablere ny kunnskap og det å stimulere til ny handling. Vi har røynt at desse fem momenta karakteriserer viktige sider ved plan- og utviklingsprosessar. Vi veit vidare at det ikkje er noko fast forhold mellom desse, korkje kva gjeld innhald eller innbyrdes prioritet. Nokre gonger kan ein sjå at det har vore naudsynt å styrke dei svakaste sidene for at satsinga skal lukkast, i andre høve har ein sett det rett å satse på å vidareutvikle dei sterke. Atter andre gonger har ein opplevd at det som fungerte var å gripe fatt i mindre, praktiske oppgåver og gjeremål som var enkle og raske å gjennomføre. T.d. om ein ønskte å inspirere folk til å engasjere seg, sjå direkte nytteverdi av eigen innsats for slik å bidra til å bygge felles forståing av utfordringar.

² Amdam, R. og Barstad, J. (1993): Variablar og verktøy i barne og ungdomsplanlegginga : evaluering av kommunal barne- og ungdomsplanlegging i Møre og Romsdal. Arbeidsrapport, Møreforskning Volda

³ Amdam, R. (2005): Planlegging som handling. Universitetsforlaget, Oslo

⁴ Amdam, R. (2011): Planlegging og prosessleiing. Korleis lykkast i utviklingsarbeid. Det norske samlaget, Oslo

⁵ Stokken, R., Barstad, J., and Thokle, G. (2012): Impeding or promoting a Grassroots Phenomenon? – On Self-Help Projects as Public Sector Means in Norway. International Journal of Self-Help and Self-Care. USA

⁶ Barstad, J., & Stokken, R. (2012). Den segmenterte prosjektorganisasjon: om vilkår for gjennomføring av prosjekt i Kyrkja. I A. Simonnes (Red.), Trusopplæring i en digital tidsalder. Trondheim: Tapir akademisk forlag.

⁷ Johan Barstad, 2014: Jæren Vannområde. Ei organisasjonsevaluering. HLB Arbeidsrapport 1, 2014

⁸ Barstad, Johan 2017: Frå villmark til spisebord. Betre utnytting av viltressursane til glede for jegerar, grunneigarar, næringsaktørar og konsumentar. HLB Arbeidsrapport 2, 2017

Attåt dette må ein ha i minne at vi her brukar modellen tilbakeskodande. Dei som initiert og gjennomførte satsinga hadde ikkje ein slik modell som 'planteikning' for korleis dei la opp arbeidet, ei heller har vi frå HLB si side brukt denne som argument i refleksjonane med aktørane.

Kort om dei fem variablane

Mobilisering

Mobilisering:

aktivisering av aktørar til handling for å fremme sine interesser

Aktivisering til handling for å fremme eigne/felles interesser kan stimulerast ved å styrke felles oppfatningar om utviklingstrekk og utfordringar og om korleis ein kan arbeide for å nå felles mål. Dette krev at ein har fokus på viktige strukturar og prosessar og på samanhengar mellom lokal- og

storsamfunn og at ein avklarar korleis det kan arbeidast for å påverke desse. Det å skape kunnskap og oppslutnad om eigne ressursar vert såleis viktig i mobiliseringsarbeidet. Røynsle viser at sjølv om slike felles oppfatningar kan stimulerast så kan det ta lang tid før mobiliseringa gjev nok kraft til å oppnå dei store endringane. Men det synest heilt klart at vellukka mobiliseringsprosessar kan gi tilstrekkeleg ny erkjenning om veikskapane ved noverande organisering til å få sett i verk omfattande endringar i organisasjonsstrukturar og -prosessar, jf. mellom anna Amdam, R. (1990^{9,10}) og Bukve (1991¹¹).

Organisering

Organisering:

danning og endring av mellombelse og varige strukturar

Med organisering meiner vi her danning og endring av mellombelse og varige strukturar som kan fremje folks interesser og som kan stå ansvarlege for produksjon av varer og tenester, og for gjennomføring av tiltak og aktivitetar. Det

å stable på beina ansvarlege organisasjonar blir ofte ei naturleg, men vanskeleg oppfølging av

⁹ Amdam, R. (1990): Strategisk kommuneplanlegging. Kommuneforlaget, Oslo

¹⁰ Amdam, R. (1990): Eit eksempel på bruk av dugnadsmetoden frå Rauma kommune. Kommuneforlaget, Oslo

¹¹ Bukve, O. (1991): Lokal næringsutvikling - - kva veit vi om verkemidla? Rapport, Vestlandsforskning, Sogndal

mobiliseringsprosessar (Hagen 1991¹²). Det vert ofte sett på som eit ideal å streve etter harmoni mellom lokale organisasjonar og omgivnadene. Men konflikhtar er gjerne ikkje til å unngå, fordi ein kivar om knappe ressursar i situasjonar med ulike og motstridande behov og normer i lokalsamfunna og omgivnaden.

Gjennomføring (implementering)

Gjennomføring:

makt til å følgje opp og sikre samsvar med visjonar og strategiar

Med gjennomføring meiner vi her at organisasjonen har makt i form av ressursar, kapasitet og verkemiddel til å følgje opp tiltak, endringar, aktivitetar m.m. for å sikre at iverksetjinga blir mest muleg i samsvar med visjonar og strategiar. Ein har sjeldan makt til åleine å gjennomføre alle sine planlagde handlingar. Gjennomføringsmakta er oftast delt mellom fleire aktørar som difor blir avhengige av kvarandre for å oppnå ønska handlingar og effektar. Det krevjast då omtalar av handlingane som trekker opp mellom anna kva som skal gjerast, kven som skal gjere kva og når aktivitetane skal utførast (t.d. handlingskontraktar).

Læring og evaluering


Læring:

Endring i haldningar og handlingar

Med læring meiner vi her endring i dei haldningar og handlingar som pregar aktørane innan kulturelle fellesskap som (lokal)samfunn og organisasjonar. At læringsprosessar som får fram kunnskap om hendingar, handlingar og haldningar, kan bidra til ny erkjenning og fremme læring ved å legge grunnlag for nye handlingar, justering av praksis, gjennomføring av meir fundamentale endringar m.m. For alle lokalsamfunn, organisasjonar og personar er det nyttig å samle erfaringar frå tiltak og aktivitetar som dei har halde på med, slik at denne kunnskapen kan brukast til å naudsynt endring av praksisen. Tilbakemelding er nødvendig for å gi innspel og halde levande lærande prosessar som kan støtte, vidareutvikle og korrigere. Det er gjennom ei tilbakeskodande evaluering at enkeltståande og avslutta aktivitetar kan gje bidrag til forståing av heilskapar og til tolking av prosessar.

¹² Hagen, T. (1991): Bygdeutvikling i kontortida: en evaluering av Hjørundfjordprosjektet. Møreforskning, Volda

Kontekst




Momenta omtala ovanfor verkar gjensidig på kvarandre og kan summere seg til positive og/eller negative sjølvforsterkande prosessar. Kontinuerlege prosessar fordrar av variablane at dei er stabile eller veksande over tid. Det å stette dette er nødvendig, men likevel ikkje tilstrekkeleg til at prosessane skal vere vellukka. Sett i høve til makrokraftene i samfunnet blir positive endringar her for mikrokraftar å rekne. Difor blir samspelet med dei eksterne makrokraftene i storsamfunnet og dei andre kraftene i kommunen avgjerande for kva resultat ein totalt sett kan oppnå. Det er difor avgjerande å ha gode kunnskapar om og god forståing også av dei store samanhengane som verkar inn.

Sett i slike rammer, så peikar 'referansemodellen' først og fremst på faktorar som er vesentlege, men utan i særleg grad å seie kven av faktorar som er avgjerande for å oppnå resultat eller korleis ein skal utforme og leggje til rette for å optimalisere dei aktuelle faktorene. Hovudbodskapen vil vere at tilpassing for å oppnå best muleg effektar vil vere spesifikt knytte til dei særlege tilhøva som gjeld for den aktuelle situasjonen. Dermed skulle Dugnadsmodellen kunne vere ein god modell for å stille opp kunnskapen om kva som har skjedd og drøfte kva som har kome ut av prosjektsatsinga.

Dugnadsmodellen – same variablar på fleire nivå

Vi gjer ikkje stort poeng av dette i rapporten, men i og med at prosjektet vi her rapporterer på har vore aktivt både på fylkesnivået og på kommunenivået, så er det eit eige poeng å nemne at Dugnadsmodellen tillet oss å omtale dei same variablane på ulike nivå.. Sjå dette illustrert i figuren nedanfor. Vi ser her at det er muleg å leggje inn ein tråd frå nasjonalt nivå der Helsedirektoratet har sett i gang eit prosjekt som går i 8 fylke og over 40 kommunar, At eit av desse prosjekta vert Rogalandsprosjektet, som då kan karakteriserast som eit av tiltaka som inngår i gjennomføringsvariabelen for direktorat-prosjektet. Sameleis vert dei tre kommuneprojekta i Rogaland 'gjennomføringselement' i fylket sin heilskaplege modell.



Figur 2 Dugnadsmodellen illustrert med fleire nivå og fleire delprosjekt (Barstad 2018)

På denne måten får vi fram at prosjektet på sine ulike nivå kan karakteriserast ved dei same variabelsetta, og at ein t.d. kan drøfte same variabel på ulike nivå ut frå korleis dei der artar seg.

Struktur i drøftinga

I dei neste kapitla går vi gjennom og drøftar sentrale aspekt ved dei fem variablane. Vi presenterer drøftinga i ei litt anna rekkefølge enn den som fyl av modellen. Grunnen er reint praktisk: ved å starte med kontekst og organisering får vi innleiingsvis presentert prosjektet og sentrale tilhøve for å kunne forstå det som gjeld rammer og avgrensingar.

Vi går difor gjennom dei fem variablane i denne rekkefølgja:

- Kontekstvariabelen
- Organisasjonsvariabelen
- Gjennomføringsvariabelen
- Mobiliseringsvariabelen
- Læringsvariabelen

2) Kontekst

Nærmiljø- og folkehelseprosjektet går inn i ei rekkje av større og mindre satsingar (nasjonalt, regionalt og lokalt) med fokus på samanhengane mellom velferd, medverknad og partnerskap. Utgangspunktet er at det å ha makt (rå over ressursar, stå for reguleringar og kunne gjere vedtak) ikkje åleine er nok til å oppnå ønska resultat. Vi har erfart at innbyggjarar må engasjerast og involverast, då dette både gjev auka rom for å gjennomføre ønska politikk, og skaper nye rom og nye mulegheiter gjennom å frigjere krefter og engasjement.

Den konkrete konteksten er i dette høvet det nasjonale prosjektet «Kartlegging og utviklingsarbeid om nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse»¹³. Eit treårig prosjekt (2016-2018, etablert 2015) i regi av Helsedirektoratet, som involverer 8 fylkeskommunar og ca. 40 kommunar. Prosjektet har sin bakgrunn bl.a. i tidlegare satsingar frå Direktoratet og fleire departement på tema som nærmiljø (jf. fleire nærmiljørelaterte prosjekt frå 80-talet og framover), medverknad og bærekraft (t.d. Agenda 21-satsinga), folkehelserelaterte prosjekt og satsinga på Helse i plan. Slik har det blitt etablert kunnskap og erfaring om dei konkrete tema, men kanskje særleg om nytten av å etablere funksjonelle og varige samarbeid mellom ulike aktørar når utfordringar skal møtast.

Aktørsamarbeid inngår i beskrivinga av konteksten. Partnerskap som metode har vore satsa på, bl.a. i folkehelsearbeidet¹⁴ og det er etablert regionale «Partnerskap for folkehelse»¹⁵ på fylkesnivå. Målet med desse partnerskapa er å medverke til meir effektiv innsats for å oppnå heilskaplege løysingar på lokale utfordringar. Partnerskap er bl.a. tufta på den sokalla 'triple-helix' tenkinga¹⁶ : samarbeid mellom det offentlege, næringslivet og utdanningssystemet for å utnytte den samla kompetansen hos alle relevante aktørar. Det vart først omtala inn i mot næringsutvikling, men har vist seg vere relevant også inn i samfunnsutviklingsarbeid og som her, retta mot utvikling i velferd og helse.

¹³ <https://helsedirektoratet.no/tilskudd/kartlegging-og-utviklingsarbeid-om-nermiljo-og-lokalsamfunn-som-fremmer-folkehelse>

¹⁴ <https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/305/Partnerskap-som-arbeidsform-i-regionalt-folkehelsearbeid-IS-1935.pdf>

¹⁵ <http://www.rogfk.no/Vaare-tjenester/Folkehelse/Partnerskap-for-folkehelse2>

¹⁶ Etzkowitz, Henry; Leydesdorff, Loet (1995-01-01). "The Triple Helix -- University-Industry-Government Relations: A Laboratory for Knowledge Based Economic Development". Rochester, NY

Knytt til medverknad og samfunnsutvikling har ein erfart at slike triple-helix partnarsskap kan kome noko til kort, då dei ikkje i sterk nok grad involverer den siste viktige aktørgruppa: *innbyggjarane, brukarane, dei lokale organisasjonane og dei lokale eldsjelene*. Triple-helix er difor utvida til «quadruple-helix¹⁷» der denne siste aktørgruppa også er med. Argumentet er både at det er 'brukaren som må vurdere kvaliteten' og at dei og kan bidra både med nye løysingsforslag og meir positivt 'implementeringsklima'.

Konteksten vert og prega av at det norske plansystemet har ein viktig posisjon for å byggje og utvikle samfunnet, i dette høvet knytt til helse og velferd. I planlegginga finn vi forståing av at det er der ein møter innbyggjarane at mulegheitene vil finnast. System og strukturar vert utvikla, utforma og bestemt på samfunnsnivå, men det er først i møtet med – og i samarbeid med - innbyggjarane at løysingsmulegheiter kan formast til ny praksis. Og det er i dette møtet dei vil kunne vise sine kvalitetar.

Men, dette er og med å etablerer ein kontekst som er ganske så kompleks. Den er prega av lang historikk og av mange og ulike aktørar på fleire nivå som over tid kan ha hatt svært ulike former for tilknytning til dei tema som prosjektet reiser. Ikkje minst gjeld dette at dei mest sentrale aktørane: nasjonal prosjekteigar (Helsedirektoratet), regional prosjektleiar (Fylkeskommunen) og lokale prosjektdrivarar (kommunane) alle er involvert i arbeid knytt til velferd og samfunnsutvikling på mange måtar og til dels med langt større ressursar til disposisjon.

Prosjektet i seg sjølv har slik sett vore som eit lite sprøytstikk. I Rogaland har dei tre kommunane motteke kring ein halv million kroner i året for å delta. Sjølv for dei to minste av kommunane (Randaberg og Tysvær) er dette lite pengar i kommunal målestokk, og gjev i seg sjølv ikkje von om å kunne levere særleg store resultat. Prosjekt som dette, med eit heller breitt fokus, står difor generelt i fare for å 'forsvinne' i den kommunale kvardagen. Men dette

¹⁷ <https://www.smartinnovationnorway.com/digitalisering/sluttbruker-utfordrer-eksisterende-forretningsmodeller/>

er ei kjend utfordring, også for dei som står bak denne prosjektsatsinga. Og svaret på kvifor det likevel er relevant å gjennomføre er todelt:

- i) at ein gjennom satsing på avgrensa problemstillingar/metodar m.v. kan gjere erfaringar å ta med vidare, og
- ii) at sjølv små satsingar kan utløyse krefter/ressursar/mulegheiter hos andre – at der kan skje synergjar.

For nærmiljøet finnast der vi bur, lever og oppheld oss i ulike samanhengar. Nærmiljøet vert påverka av det offentlege gjennom bevisst plan og styring, men kanskje i vel så stor grad gjennom aktørane/innbyggjarane sine egne haldningar og handlingar, gjennom relasjonar som er og vert etablert mellom menneske, mellom menneske og organisasjonar, verksemder m.v. I prosjektet har ein prøvd ta omsyn til dette gjennom fokus på medverknad. Både ved aktivt å involvere aktørane (innbyggjarane) til samarbeid og eigeninnsats og ved å satse på å bygge kompetanse på medverknadsmetodikk. Og målet er då at auka medverknad både skal etablere betre lokal forståing for viktige/nyttige handlingar, men og at det skal bidra til at fleire vel å engasjere seg sjølve – involvere seg i å finne, utforme og gjennomføre dei gode løysingane.

Om det kontekstuelle ved prosjektet (prosjekta)

Strukturelt

I vårt arbeid med prosjektet i Rogaland har vi i stor grad opplevd det nasjonale prosjektet som eit kontekstuellt element der projektrammene – både ressursmessig og innhaldsmessig – har blitt utforma. Ein har bidratt til *kompetansetilgang*, dels ved å finansiere dei regionale utdanningsinstitusjonane si deltaking, dels ved å gjennomføre nasjonale samlingar for informasjon og kompetanseutvikling både for kommunar og fylkeskommunar. Men ein har ikkje involvert seg direkte i gjennomføring av prosjekta ute i fylka.

Dei tre kommunane representerer og kontekstuelle element. Dei utgjer rammene for, og er basis for aktivitetane som er blitt gjennomført. Sentralt personell har med få unntak vore

tilsett i dei tre kommuneorganisasjonane og deira arbeidsoppgåver har ikkje vore knytte til dette prosjektet åleine. Dei var/er knytte opp til arbeidsfelt med relevans for prosjektet – noko som bl.a. viser at dette ikkje er nye oppgåver for kommunen, heller at prosjektet skulle bidra til læring om korleis det konkrete feltet kunne utviklast vidare.

I kapitlet om organisering kjem vi nærare inn på dette, men også her vil vi kort nemne litt om dei tre kommunane og satsinga.

- Stavanger var allereie involvert ved *Levekårsløftet på Storhaug* (2015-17) – eit systematisk arbeid i dei deler av byen som kom dårlegast ut på levekårsindeksen. Ein hadde arbeidd med dette i fleire år, og bl.a. brukt ressursar på ulike kartleggingar og involveringstiltak. Det var tilsett personell og etablert eigne arbeidsformer og -strukturar. Nærmiljø- og folkehelseprosjektet vart med som ein del av dette, med særleg fokus på arbeidet med medverknadsmetodikk og kvalitative metodar. I løpet av prosjektperioden vart dette arbeidet sterkt utvida i og med Områdesatsinga i Storhaug bydel som vart etablert frå 2018 av (2018-24).
- Randaberg hadde ikkje dette utgangspunktet. Her vart satsinga kopla til folkehelsefeltet gjennom folkehelsekoordinatoren. Vidare vart ein ekstern ressurs engasjert inn i arbeide, då kommunen sjølv mangla kompetanse og kapasitet til å arbeide med metodeutvikling og aktivt medverknadsarbeid. Arbeidet vart fokusert kring barn og unge, kartleggingar og konkret utvikling av fellesareal i sentrum.
- Tysvær valde å fokusere meir inn i mot det kommunale planarbeidet. Prosjektet vart knytt til aktuelle planarbeid som sentrumsplan, sykkelplan og arbeid med kommunedelplanar m.v. Også her vart prosjektet knytt direkte til kommunen sitt folkehelsearbeid gjennom folkehelsekoordinatoren.

Slik sett kunne alle tre kommunane tufte prosjekta på etablerte strukturar. Og sjølv om ressursane var avgrensa, gav dei kommunane mulegheit til å gå inn og prøve nye metodar i arbeidet – særleg for Randaberg og Tysvær. Stavanger var allereie i gang, og hadde finansiering. Så der vart kan hende det større miljøet som vart oppretta kring prosjektet i fylket viktigare

Innholdsmessig

Det nasjonale prosjektet gav dei overordna rammene for prosjekta – men vi har sett at kommunane opplevde at dei hadde relativt stor fridom til sjølve å velje ‘fart og innretning’.

Dei formelle hovud- og delmåla har vore som følgjer¹⁸:

Hovudmål:

- Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelse.

Delmål:

- Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og avgjerdsprosessar.
- Betre kunnskap om kva som bidreg til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna.
- Utvikling av eigna metodar i medverknadsarbeidet.
- Legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.
- Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvalitetars betydning for folkehelse.

Vi har sett at dei tre kommunane i stor grad har valt å konsentrere seg om delmål 2, 3 og 4 i sitt praktiske arbeid med prosjektet. I dette kapitlet vil vi sjå på dette i ein kontekstuell samanheng: Var det noko med dei (særlege) lokale rammene som gjorde dette til eit naturleg val?

Kommunane vart av Helsedirektoratet oppmoda om å prøve ut nye metodar for medverknad. Allereie på den første nasjonale samlinga sto dette sentralt, bl.a. gjennom at det vart presentert aktuelle metodar og fagmiljø med kompetanse på desse. Dette metodearbeidet vart direkte knytt opp mot delmål 2 og 4; at nye metodar skulle bidra med ny og betre kunnskap og hjelpe å identifisere konkrete tiltak. Og desse måla samsvara godt med utfordringane kommunane opplevde i eige planarbeid: Ein ønskte å identifisere mulege løysingar på lokale utfordringar, helst slike som fekk andre aktørar på banen (medverknadsaspektet).

¹⁸ <https://helsedirektoratet.no/tilskudd/kartlegging-og-utviklingsarbeid-om-nermiljo-og-lokalsamfunn-som-fremmer-folkehelse#mål-for-ordningen>

Slik sett vart dei eksternt gitte kontekstane med på å forme retninga prosjekta fekk i dei tre kommunane: Kommunane satsa der dei sjølve opplevde å møte utfordringar og der det var aktuelt å hente inn nye innspel/kunnskapar (kople til aktuelle prosessar). Kommunane satsa der dei meinte seg nytte av å delta kunne verte størst.

Ressursmessig

Vi har nemnt at dei konkrete prosjektrammene i dei tre kommunane var relativt små – både kva gjeld kommunens totale verksemd og det meir direkte arbeidet med relevans for nærmiljø, folkehelse og medverknad. Slik sett måtte kvar enkelt kommune tilpasse og innpasse det nye prosjektet opp i mot dei strukturar som allereie gjaldt og rådde. Kanskje særleg for det som gjaldt haldningar til medverknad, til viktigheita av å utvikle dette feltet og ikkje minst om og korleis ein kan påverke til å auke viljen til å bli med i slikt arbeid?

3) Organisering

Både regionalt og lokalt har prosjektorganiseringa vore relativt enkel. Det daglege arbeidet har vore ivareteke av ein prosjektleiar. Stavanger delte denne oppgåva på to personar. Ut over dette har prosjekta basert seg på å leige inn ekstern kapasitet ved behov – om ein vurderte det slik at kommunen sjølv ikkje rådde over naudsynt kompetanse eller kapasitet.

Prosjektleiarane har hatt ei lokal styrings- eller referansegruppe å forhalde seg til. Desse har bestått av sentrale partnerar frå eigen organisasjon, bl.a. rådmann. Vi vil ikkje her gå nærare inn på korleis desse har vore samansett lokalt, fordi det i liten grad har kome opp spørsmål og utfordringar knytt til desse. Vårt inntrykk er at kommunane organiserte dette prosjektet slik dei plar organisere prosjektsatsingar i eigen kommune, og at dette i stor grad har fungert bra – i alle høve kva gjeld det formelle ved prosjektet.

På fylkesnivået ser vi ei parallell organisering med ein prosjektleiar og ei administrativ styringsgruppe. Denne har, i tillegg til prosjektleiarane i fylket og i kommunane, også hatt med fylkesrådmann og rådmennene frå dei tre kommunane. Vi nemner deltakarane spesielt fordi det har vist seg vere vanskeleg å samle desse rådmennene til møta. Med tanke på å skulle oppnå best muleg forankring av prosjektet er dette sjølv sagt uheldig, då rådmennene er sentrale aktørar for å forankre i eigne kommunar. Men, på den andre sida har vi inntrykk av at ein lokalt har hatt god dialog, slik at rådmennene/deira stab har hatt gode mulegheiter for både å følge og eventuelt kunne framsnakke prosjektet i eigen kommune. Slik at konsekvensen av sjeldant frammøte i den administrative styringsgruppa helst har vore at rådmennene har hatt mindre informasjon om kva som skjedde i prosjektet elles, både sentralt og i dei andre kommunane i fylket/dei andre fylka.

Den regionale utdanningsinstitusjonen (i Rogaland: HLB) har vore invitert til møta i administrativ styringsgruppe. Dels for å orientere og bidra med kompetanse, men også for å observere. Vi har ikkje hatt høve til å følgje like tett på det kommunale nivået, der har vi måtta basere oss på input gjennom samtalar med prosjektleiarane i kommunane, utan at dette har vorte opplevd som problematisk. Som sagt har er vårt inntrykk at arbeidet lokalt har skjedd utan at ein har møtt dei store utfordringane. Men på den andre sida har dette klart vore noko

som har gjort det vanskelegare å fylle rolla som følgeforskar. Då er det viktig å kunne vere til stades i flest muleg samanhengar, og kunne bidra hyppig til diskusjon og refleksjon. Ut frå det som har blitt oss fortalt om utfordringane med å forankre prosjektet i eigen organisasjon, vil vi tru at ein kompetanseaktør som HLB kunne ha bidratt meir også på det lokale nivået.

Strukturar som tek ansvar for eller medverkar til å gjennomføre aktivitetar og tiltak

Eit viktig trekk ved ein velfungerande organisasjon er at den evnar å kunne gjennomføre. Og til det trengst strukturar som både fordeler ansvar og som sjølve kan ta ansvar. Dette står sentralt også i eit prosjekt som dette. Kan aktivitet gjennomførast via prosjektorganisasjonen, eller trengst det å samarbeid med andre?

Vi ser at ein i kommuneprosjekta i stor grad har greidd å gjennomføre dei aktivitetane ein har ønska satse på. Og – om ein ikkje lukkast – så skuldast det ikkje slike strukturelle tilhøve, men heller at der har kome til meir tilfeldige hinder. Vi hadde eit døme der ein ønskte gjennomføre eit tiltak (ein fotokonkurranse gjennomført via sosiale mediar). Dette viste seg ikkje fungere. Men då fordi det aktuelle medium ikkje råka målgruppa, ikkje fordi dette var ein lite tenleg metode.

På den andre sida har vi døme på at ein gjennom organiseringa har greidd å involvere andre aktørar til innsats for å gjennomføre. Eit slik døme er Nærmiljøtilskota i Stavanger, som har vist seg vere vel eigna til å involvere lokale aktørar. Små midlar, kombinert med enkle søknadsrutinar, viste seg effektivt for å utløyse aktivitet og eigeninnsats langt ut over verdien av dei løyvde midlane. Eit anna døme er arbeidsmetodikken ein valde i Randaberg (ABC-W metoden) i prosessen med kartlegginga og utforming av forslag til samlingsplass for unge i sentrum. Metoden fekk samla aktørar (både ungdom og fagpersonell) og greidde utvikle forslag til praktiske løysing.

Dette siste eksempelet viste rett nok ei anna, sentral utfordring: den valde metoden greidde å etablere samarbeid om utforming og presentasjon av forslag. Men prosessen var ikkje like godt kopla til sentrale prosess(ar) for gjennomføring. Når forslaget møtte motbør vidare i

oppover i systemet (då ville krevje ganske stor økonomisk innsats å gjennomføre) mangla ein strategiar/strukturar for å finne/formulere alternative løysingar.

Vi er her inne på eit sentralt tema: I kva grad skal forslag som kjem fram gjennom 'alternative arbeidsmetodar' ha krav på å kunne gjennomførast, særleg om dei kjem i konflikt med slike som har gått vegen via det formelle og representative systemet? Eller sagt på anna vis: skal pressgrupper kunne trumfe demokratiske prosessar?

Der er korkje fullgode eller eintydige svar på dette. Vi har vel alle døme på at det kan vere rett å gje etter for press, medan det i andre høve ville opplevast som sterkt urettferdig. Men – i tilknytning til dette punktet – vil vi nemne at det i slike situasjonar kan vere muleg å etablere parallelle løysingar på sida av kva ein kan få til gjennom det representative demokratiet. Der eit 'kommunalt' prosjekt ikkje kan opptre på tvers av kommunens offisielle politikk, så kan private interessentar (t.d. ei gruppe av frivillige) utan vidare engasjere seg for om muleg å finne løysingar på utsida, t.d. finansiert gjennom eksterne sponsorar og via private reguleringsforslag. I mange høve ville dette gje meirverdi ved at ein kan få gjennomført både den demokratisk prioriterte aktiviteten – og i tillegg at andre interesserte aktørar kan fremme og om nødvendig implementere det som 'pressgruppa' ønskjer. Innan gjeldande lover og retningslinjer sjølvsagt.

Slik får vi her illustrert det at sjølv relativt enkle prosjekt som dette, der fokus meir har vore på å samle og bygge kunnskap enn å skulle gjennomføre konkrete og praktiske aktivitetar, ser vi at dette kan gje innspel til korleis ein kan utvikle synet på medverknad og involvering. Vi nemnde quadruple-helix her tidlegare. Dette vert eit døme på at ein ved å involvere og myndiggjere breiast muleg felt av aktørar også opnar opp for at det der kan finnast handlingsrom ein elles ikkje såg.

I Stavanger har ein på mange måtar linka slik tenking opp til arbeidet i bydelsgruppa. Dette er også noko som kom til i forkant av prosjektet, men som har vist seg vere ein nyttig reiskap for å kanalisere stimuleringsmidlar som utløyser kreativitet, aktivitet og byggjer lokal forankring. Bydelsgruppa er ikkje resultat av ein representativ prosess på bydelsnivå, men meir eit strategisk verktøy for å muleggjere lokal involvering. Dei som sit i gruppa sit der fordi nokon

hadde tru på at dei kunne gjere ein jobb! Og jobben er bl.a. å avgjere kven som skal få Nærmiljøtilskot. Det er delt ut ca. ein halv million i snitt per år, ca. 30000 i snitt per søknad. Til lokale, konkrete tiltak som arbeid med lokal festival, med å etablere lokal park etc. Det er enkelt å søke og behandlingstida kort. Ein prioriterer å prøve ut mulegheiter heller enn å safe på sikre vinnarar. Denne ordninga har aldri vore formelt evaluert, men inntrykket som er blitt oss formidla er at ein her har evna løyse ut aktivitet og kreativitet.

Tysvær har valt ei noko anna tilnærming. Det er den av kommunane som i størst grad har hatt fokus på å generere input til pågåande og til nye plan- og utviklingsprosessar. Det har difor vorte færre konkrete aktivitetar her, då slike prosessar oftast har ein relativt lang horisont for handling. Men vi hadde ein interessant diskusjon med lokal prosjektleiar kring det strukturelle her eine dagen: Det har bl.a. vist seg at det i innsamla data alltid er ein del konkrete innspel å finne, som handlar om mindre, ofte konkrete utfordringar som gjerne kan løysast raskt og enkelt. Men ein har mangla eit eigna system for å fange desse opp, og for å melde attende at ein anten er i arbeid for å løyse dette eller at det er løyst.

Det vert litt som det å skulle gjere seg nytte av overskotsinformasjon. Ein går ut etter informasjon om meir overordna tilhøve og får også ein del svært konkrete innspel attende. Å ha tenkt gjennom på førehand at dette truleg kunne kome til å skje – fordi det gjerne har skjedd tidlegare - og dermed også ha tenkt på korleis ein kan gjere noko med slike innspel, ha ansvarlege for å respondere og ha prosedyrar for å ivareta den som føreslår. Dette treng ikkje gjerast komplisert; ein SMS om at saka er løyst, ein spalte i lokalavisa som omhandlar slik e.l. Ofte er det også like viktig at brukarar/innbyggjarar opplever seg sett og høyrte som at det konkrete resultatet kjem.

Vi ser elles at det i liten grad er etablert ordningar med nærmiljøutval, grendelag e.l. i dei tre kommunane. Utan å gå særleg inn på dette, kan det nemnast at dersom ein har tilgjengeleg slike fora, så vert det også enklare å halde ved like ein dialog – både formelt og uformelt – med dei som bur dei ulike delane av kommunane. Og det å ha ein kontinuerleg dialog har ofte vist seg vere sentralt: då finnast kanalar for kontakt, då vert terskelen lågare og kjensla av å bli teken på alvor vert styrkt.

Ei erfaring frå Randaberg kan òg nemnast her. Då ein skrinla fotokonkurransen som metode, valde ein å bruke skulen som sentralt verktøy, dvs. å byggje samarbeid med ungdomstrinnet gjennom tillitselevane. Her opplevde ein første tida utfordringar knytt til det å 'sleppe inn' i skulen. Ikkje at der var motvilje, men skulen hadde fullt opp med eigne aktivitetar, så der var lite rom for å kome inn den vegen. Ein mangla høveleg arena for samhandling mellom skulen og prosjektet. Dette kom på plass via tillitselevordninga, ABC-W metoden vart utvikla og eit godt samarbeid vart resultatet.

Det er eit poeng å vere strategisk kva gjeld utforming av slike strukturar for samarbeid. Erfaring viser at om ein kan byggje vidare på strukturar som allereie finst, så er dette mest effektivt – gitt at desse ikkje er negativt ladde. Om ein eksisterande organisasjon eller eit allereie etablert samarbeid kan tilførast nye oppgåver, så sparar ein mykje i oppstart- og etableringsfasen. Dette kan t.d. sjåast på som eit sjølvstendig argument for å etablere grendeutval e.l. – då dette er fleksible strukturar som kan tilpassast aktuelle behov og mulegheiter. Men der er ingenting i vegen for å sjå på alle strukturar med slike auge – også dei som tradisjonelt har vore utan kontakt med det offentlege. Tenlege partnerskap betyr at ein ønsker å involvere både for slik å auke mulegheitene for suksess – men og for å sikre framtidige suksessar gjennom å bygge relasjonar.

Dette tek oss inn på eit tema kalla «grenseobjekt» (boundary objects¹⁹). Kort sagt går dette ut på at ulike aktørar kan legge eigne forståingar og vurderingar i eit objekt (t.d. ein organisasjon) sjølv om desse forståingane kan stå i motstrid til kvarandre. Likevel kan ein her møtast og samhandle, fordi verdien av samhandlinga, nytten av arenaen, er større enn den ulempe det inneber å ha ulike vurdering av denne. Vi ser dette t.d. ved at både verdslege og religiøse organisasjonar kan samarbeide om t.d. å løyse lokale utfordringar. Arenaen vert opplevd som nyttig for å nå eigne mål – sjølv om andre brukar den same til sine føremål. Grendelag og lokale partnerskap vert ofte døme på slike grenseobjekt. T.d. vil ulike organisasjonar alle ha nytte av at det vert etablert betre samarbeidskanalar inn mot det offentlege.

¹⁹ Star, Susan; Griesemer, James (1989). "Institutional Ecology, 'Translations' and Boundary Objects: Amateurs and Professionals in Berkeley's Museum of Vertebrate Zoology, 1907-39". *Social Studies of Science*. 19 (3): 387–420

Støtte frå innbyggjarane slik at både eksisterande og nye strukturar får legitimitet til å opptre på deira vegner

Det klassiske svaret her er demokratiet og vårt representative system. Dette systemet har formell legitimitet til å opptre på 'våre vegner' på alle nivå, og er ein berebjelke i samfunnsutforminga. Men ein må nok vedgå at dette systemet kan bli utfordra på tillit i dagens samfunn. Utan at vi her skal gå nærare inn på kvifor og korleis.

Her er det vesentlege å sjå på om ein gjennom slike arbeidsformer kan utvikle nye mulegheiter og forbetre eksisterande. I så fall er det vesentleg å sjå på om og i kva grad system har eller skaper *tillit* mellom deltakarane.

Ei av dei sentrale grunngjevingane for å satse på medverknad er nettopp at medverknad bidreg til å bygge tillit, både mellom nye og allereie involverte deltakarar. Gjennom å møtast, samarbeide og gjere ting i lag lærer ein kvarandre å kjenne. Ein erfarer at den/dei andre kan bidra positivt, kan yte ein innsats etc. Dette byggjer tillit – og tillit må til for å oppnå legitimitet.

Tillit må her forståast 'begge vegar' – at innbyggjarane erfarer at den ofte diffuse 'kommunen' eigentleg er eit knippe dyktige og serviceinnstilte medarbeidarar. Folk med eigenskapar, kvalitetar og mål om å gjere godt arbeid. Og andre vegen slik at engasjerte innbyggjarar ikkje treng bety kverulantar og pressgrupper, men heller lokale personar med sterkt ønske om å bidra til best muleg utvikling for eige lokalmiljø.

Vi kan ta *Campingvogna i Stavanger* som eit døme. Her opna ein opp for at lokale skulle få kome til orde, etablerte ei enkel ordning (der campingvogna stod parkert var arenaen tilgjengeleg til bruk dvs. samtale) og stort rom for brukarane til å tilpasse bruken til egne behov. Men i mindre grad lovnader om endring og resultat. Viktigast var at den var til stades, viste att og vart eit 'ansikt' for kommunen. Vi fekk inntrykk av at campingvogna som verktøy hadde vore svært vellukka, noko som også viste seg i medieoppslag o.l. Men ein kunne ikkje vise til at denne arenaen i seg sjølv bidrog direkte til så mange aktivitetar. Ein fekk mange

innspel, men desse er enno ikkje utforska i særleg stor grad. Likevel vart vogna sett på som viktig av dei lokale. Den var med å setje området på kartet, å skape positiv blest og lokal nyfikkne.

Eit anna interessant døme kom fram i Tysvær. Der vart etablert samarbeid med OsloMet²⁰ knytt til det å involvere eldre meir aktivt i eigne lokalsamfunn. Ein gjennomførte ei kartlegging der dei eldre sjølve fekk vere sentrale i gjennomføringa. Det skjedde via dei eldre sine fora, dei fekk bidra aktivt i diskusjonane m.v. Slik at dei kan seiast tok steget frå å vere informantar til å verte deltakarar²¹. I tillegg til at ein her kan vente å sjå framtidige resultat i form av positiv tillitsbygging, så gjev erfaringa kommunen bakgrunn til å reflektere og vurdere om og korleis ein i større grad kan late aktørar som t.d. eldre sine organisasjonar opptre 'på vegner av' det offentlege, vere med å løyse oppgåver i lag. Spørsmålet som kan reisast er om dei kommunale strukturane i så fall vil vere opne for dette? Vil dei ha den nødvendige tillit til dei sivile, frivillige aktørane for å kunne ta dei i bruk?

Tilsvarande kan vi sjå i Randaberg – der med barn og ungdom som gruppe. Vil det at ein har gjort positive erfaringar i møtet mellom profesjonelle planleggarar og skuleungdomen kunne opne for at dei unge skal kunne få ansvar for nye oppgåver – og at både vaksne generelt og det offentlege generelt vil få tillit til at dei unge kan løyse dette?

Igjen vil vi trekke fram følgeforskinga som metode for å kunne dra nytte av slike refleksjonar: Det er følgeforskaren si oppgåve å ta opp denne typen problemstillingar i dei ulike fora slike prosjekt etablerer. Hen skal vere aktivt med og reise utfordringane – men utan å konkludere (dette er sjølve følgeforskingsdilemmaet: å vere involvert utan å la seg engasjere til å påverke. I staden bidra gjennom felles refleksjon slik at deltakarane kan ta eigne, velbegrunna avgjerder).

I dette prosjektet måtte følgeforskinga avgrensast og i hovudsak knytast til samlingar, prosjektmøte og samtalar med prosjektleiarane. Men som følgeforskarar har vi reflektert kring dette undervegs; at det vart noko vanskeleg å dra full gevinst av vår innsats ved at vi

²⁰ OsloMet – Storbyuniversitetet <http://www.hioa.no>

²¹ Eit døme på det ein ofte nemner som Citizen Science (https://en.wikipedia.org/wiki/Citizen_science)

ikkje ofte nok og i mange nok samanhengar kunne vere til stades. Refleksjon er ofte situasjonsavhengig. Eit høve til å få ein god diskusjon oppstår – og vert borte om ein ikkje får utnytta den der og då. Ei ex-post evaluering vil aldri ha same høve til nettopp dette å utnytte dei mulegheitene som oppstår undervegs.

Dette gjorde at vi som evaluatorar opplevde dei regionale samlingane som svært nyttige. Det vart gjennomført fleire samlingar med deltaking frå dei involverte kommunane i Rogaland og Hordaland der vi hadde høve til å invitere til og delta i refleksjonssamtalar. Programmet på desse samlingane var tett, men der vart likevel tid til refleksjon. Mest kring overordna tema som felles utfordringar kring det å skulle samle inn, bearbeide og bruke kvalitativ informasjon når ein mest alltid hadde arbeidd kvantitativt. Vi merka då at med slike tema på agendaen var det nyttig å bruke følgeforskarbrillene for å utfordre deltakarar til å reflektere kring temaet. Og ved å ha 'lunsj til lunsj' møte fekk vi rom for vidare samtalar også på kveldstid.

Arenaer, nettverk og alliansar mellom etablerte organ og innbyggjarane, og mellom desse og omverda

Vert slike arenaer, nettverk m.v. varige? Kva skal til for at dei kan vere nyttige over tid, då ein må ta for gitt at der vil kome endringar – både på personell og på innhald og aktivitetar.

Vi kan bruke Stavanger som døme her. I 2017 vart det kjent at ein avtale om ei stor områdesatsing i Storhaug bydel var på trappene. Avtalen skulle gjelde frå 2018, og var i årleg størrelsesorden 15 mill. pluss. Fram til årsskiftet 2017-18 hadde folkehelse vore plassert under direktør for Helse og velferd. Frå 01.01.18 vart folkehelse flytta til Avdeling for by- og samfunnsplanlegging. Ein av dei to folkehelserådgjevarane søkte og fekk prosjektleiarstillinga for Områdesatsinga på Storhaug frå 01.01.18, men gjekk ut i svangerskapspermisjon i oktober /november. Den andre slutta ved årsskiftet. Ny avdeling skulle tilsette to nye folkehelserådgjevarar (som begge hadde vore initiativtakarar og utførarar i Levekårsløftet), og vikar for prosjektet «Områdesatsing i Storhaug bydel» vart tilsett. Vidare vart det trekt fram som vesentleg at i tillegg til nye tilsette, var prosjektansvaret no tillagt ny avdeling med ny

direktør. Dermed vart det ein ny person som skulle leie aktivitetane i for nærmiljøprosjektet siste året. Denne trong tid til å setje seg inn i både nærmiljøprosjektet og i den nye områdesatsinga. Fråfall/erstatting av nøkkelaktørar er ei kjend utfordring i alt prosjektarbeid, men her kan vi reflektere litt kring det at prosessen ser ut til å bli «like overraska» kvar gong dette skjer.

Dei fleste prosjekt er både tidsavgrensa (les: korte) og pressa på finansiering. Der er oftast ikkje rom for å setje opp stab med overlapp i viktige funksjonar. Særleg ikkje i mindre organisasjonar som t.d. ein etat eller eit kontor der arbeidspresset alt er stort. Likevel skjer dette som vi såg i Stavanger. Kunne noko ha vore gjort for å vere betre budd? Kunne ein ha utvikla strategiar som aktivt prøvde dra 'andre' aktørar meir aktivt inn, som prøvde fordele oppgåver og ansvar på interesserte aktørar for å sikre betre kontinuitet? Vi såg t.d. at arbeidet med å tildele nærmiljøtilskota gjekk vidare. Her var det i først slik at prosjektleiing og bydelsgruppa²² vurderte søknadane i fellesskap. Men etter usemje om kven som skulle ha ansvar for tildelingane, trakk prosjektleiinga seg ut av behandlinga og overlèt denne til utvalet åleine. Så, sjølv om dei to tidlegare prosjektleiarane no var ute, var bydelsgruppa likevel fungerande. Her skal nemnast at ny prosjektleiar ganske snart fungerte i rolla si – men det tok etter hennar eige utsegn ganske lenge før ho var klar til å utføre alle oppgåver. Uansett er dette eit eksempel på at ein kan generere stabilitet og bærekraft om oppgåver er delegert og ansvar er fordelt.

At styringsorgan er i stand til å prioritere ressursar til tiltak og aktivitetar, konkretisere dette i handlingsprogram og evne å følge opp handlingsprogramma.

Som vi var inne på tidlegare har vi ikkje kunne følgje arbeidet i kommunale styringsorgan direkte, men vore avhengige av den informasjon vi har fått frå lokal prosjektleiing/skriftleg dokumentasjon.

²² Som ein del av levekårsløftet blei det etablert ei *Bydelsgruppe* (ref. Husbankens metodikk for levekårsløft) for forankring av arbeidet. Bydelsgruppa var samansett av enkelte politikarar frå Bydelsutvalget (politisk valt organ for kvar bydel) i tillegg til representantar for ungdom, innvandrarar, frivilligheit, næring og kultur.

Det har ikkje kome fram info om særlege utfordringar på lokalt nivå. Som sagt kan dette ha med prosjektets karakter å gjere, der ein t.d. i Tysvær ikkje hadde monalege ressursbehov ut over det å drifte folkemøte av ulike slag. Prosjektperioden har ikkje vore prega av å skulle gjennomføre kostnadskrevjande aktivitetar. Aktivitetane har også vore koordinerte inn mot kommunale planprosessar etc. slik at ein har hatt dekning ut over det prosjektet kunne bidra med sjølv. Bl.a. i form av at ansvarlege for aktuelle saks- og politikkområde har delteke ute på møte. Dette tyder i seg sjølv på at organisasjonen (kommunen) i stort har vore i stand til å prioritere og setje inn ressursar til nytte for prosjektet.

Heller ikkje frå Randaberg er det meldt om særlege ressurs- eller prioriteringsproblem. Vårt inntrykk er at ein der har arbeidd noko meir avgrensa kva gjeld oppgåver. Sett på spissen har ein hatt ei målgruppe og ei hovudsatsing. Til gjengjeld har denne satsinga resultert i fleire produkt. Både i Tysvær og Randaberg kan det sjå ut som om ein i nokon grad har late vegen bli til medan ein har gått den. Vanlegvis vil dette bety at dei har hatt god ressurstilgang – noko som gjev rom for tilpassing, eller det betyr at dei har evna prioritere og følge opp/tilpasse undervegs. Truleg ser vi ein kombinasjon av desse. Det har aldri blitt meldt til oss at finansiering og økonomi har vore eit problem. I staden har ein vore lydhøyre og valt framdrift og utvikling på basis av kva som har synt seg vere muleg og interessant. For Stavanger har vi hatt eit langt større aktivitetsomfang, målt i budsjett kroner – alt frå før nærmiljøprosjektet starta opp. Men heller ikkje der har det blitt meldt om styringsutfordringar av denne type.

Dette punktet går også på arbeidet kring den administrative styringsgruppa på fylkesnivå. Den hadde ansvaret for tildeling til kommunane og slik stor mulegheit til å påverke kva som skjer/kunne skje. Men vårt inntrykk er at ein har vore svært ryddig. Dei møte vi har deltatt på har ikkje i særleg grad brukt tid på budsjettering og prioritering. Forslag frå prosjektleiinga har blitt drøfta og som regel vedtatt utan særleg diskusjon. Ein har praktisert ei likebehandling av kommunane og hatt ein liten reserve i bakhand til bruk ved behov. Dette ser ut til å ha fungert fint – noko som ikkje overraskar då fylkeskommunen jo er ein røynd prosjektdrivar og har gode rutinar for økonomistyring.

4) Gjennomføring av tiltak – Implementering

Ulike prosjekt har ulike typer av tiltak å gjennomføre. Nærmiljø- og folkehelseprosjektet har hatt fokus på det å utvikle gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelsa. Hovudsakleg ved å arbeide med kunnskapsutvikling, kunnskapsbygging og å ta i bruk ny kunnskap for betre handling, nasjonalt, regionalt, lokalt og i samarbeid med regionale utdanningsinstitusjonar.

For prosjektet i Rogaland har det i hovudsak vore arbeidd med å prøve ut medverknadsbaserte metodar for (kvalitativ) datainnsamling. Arbeidet er splitta i eit overordna fylkesprosjekt og tre lokale prosjekt (Randaberg, Stavanger og Tysvær) der hovuddelen av aktivitetane er lokalisert.

Fylkesprosjektet

Fylkesprosjektet er overordna dei kommunale og har i hovudsak aktivitetar knytte til felles lærings- og kompetanseutfordringar, løyst gjennom eit tilbod av nasjonale, regionale (her: Rogaland og Hordaland) samt fylkesretta samlingar. Det har og vore arrangert ein studietur til Danmark i regi av fylkesprosjektet. Administrativt er prosjektet lokalisert til Regionalplanavdelinga i fylkeskommunen med ein prosjektleiar og ei administrativ styringsgruppe. Prosjektleiaren har lang fartstid i avdelinga og frå folkehelse/nærmiljøarbeid generelt. Ho har hatt ansvar for prosjektet frå det starta opp.

Som sagt er dei utadretta aktivitetane plassert i kommunane. Fylkesprosjektet har med overordna struktur og kompetansebygging å gjere, i tillegg til å vere bindeledd mellom det lokale og det sentrale nivået. Ressursbruken på fylkesnivået har i stor grad vore knytt opp til det å arrangere møte og felles samlingar. Det har i liten grad vore aktuelt for prosjektleiar å vere ofte til stades ute i kommunane ut over det som fyl av møte og avtalte kontaktar. Dette dels av ressursmessige årsaker, men også for at kommunane lokalt hadde fridom til å utvikle og forme eige arbeid. Informasjonsflyten vert sikra gjennom kontaktmøte kring i dei tre kommunane og møte i administrativ styringsgruppe. Gjennom det regionale ansvaret er og prosjektleiar den som tek seg av kontaktar med sentralt nivå, med regionale

utdanningsinstitusjonar og andre fylkesprosjekt. Rogaland var vertsfylke for den nasjonale avslutningskonferansen i november 2018

Dei tiltaka som er verd å reflektere rundt er kontakt- og kompetanseutviklingssamlingane som er haldne for deltakarkommunane i Rogaland og Hordaland og studieturen til Danmark.

Kontakt- og kompetansesamlingar

Det vart arrangert to slike samlingar i løpet av perioden, oktober 2017 og mars 2018. Deltakarar var representantar frå kommuneprosjekta i dei to fylka (både prosjektleiarar og andre involverte var invitert). Dei to regionale utdanningsinstitusjonane hadde ansvar for det faglege – supplert med anna innhenta kompetanse. T.d. var leiar for den nasjonale evalueringa med på ei samling i 2017 og orienterte om arbeidet med evalueringa. Fylkesleiarane i dei to fylka delte det praktiske ansvaret for samlingane.

Gjennomgåande var utfordringar knytt til innsamling og bruk av kvalitative data tema på samlingane. Dels i form av førelesingar, dels som forskarstøtta gruppearbeid for kommunane. Gjennom arbeidet i prosjektet har det vist seg som gjennomgåande utfordring at kompetansen kring dette med kvalitative data er generelt låg. Det har ikkje tidlegare vore vanleg å vektlegge slike data, og det må vel og vedgåast at ein i undervisningssystemet heller ikkje har vore særleg dyktige på å fremme slik kunnskap. Utdanningane har helst hatt fokus på kvantitative data – og på kvalitative problemstillingar handtert kvalitativt.

Vidare kom det fram at kommunane (dette gjeld for alle, på nasjonalt plan) vart 'kasta ut i det' med å prøve ut kvalitative og medverknadsretta metodar, utan at dei i særleg grad vart førebudde på kva dette var og kva konsekvensar det å arbeide kvalitativt har på arbeidsmetodane. Vi såg det i år 1, då fleire kommunar tok til å få datamengder samla inn kvalitativt, og tok til å erfare at dei data ein hadde ikkje utan vidare let seg bruke fritt fram.

Utfordringar med kvalitative data

På samlingane prøvde difor utdanningsinstitusjonane å belyse dei kvalitative utfordringane, for å setje kommunane i stand til å gjere bruk av dei data som no var samla inn. Kompetanse på slik datainnsamling/-behandling er ikkje å finne overalt. I regelen er det på

utdanningsinstitusjonane og i forskarmiljøa denne finst, men også der er det relativt langt mellom dei som arbeider mykje med reint kvalitative data. Både Høgskulen på Vestlandet og Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling slik kompetanse, og kunne bruke denne på samlingane.

Som utdanningsinstitusjonar røynde vi likevel at slike lunsj til lunsj samlingar berre i avgrensa grad kunne dekke behovet for kunnskap på feltet. Frå HLB si side førte dette til at vi valde å prioritere kvalitative utfordringar når vi var i direkte kontakt med kommunane i tida etterpå. Eit resultat er bl.a. at HLB no har inngått ein avtale med Tysvær kommune om å bistå i kunnskapsutvikling for tilsette i kommunen på dette området – hjelpe dei gjere bruk av materiale dei har samla inn og lære dei opp til å kunne utvikle tenlege design for framtidig bruk av slike data.

Vi opplevde vidare at både fylkeskommunen v/prosjektleder og kommuneprosjekta var positive til og interesserte i dette. Kvalitative data vert sett på som avgjerande for å kunne utvikle arbeidet med folkehelseutfordringar og for å kunne gje gode beskrivelsar/tilnærmingar til lokale utfordringar. Men der var og frustrasjon kring dette med korleis ein kunne omforme den kvalitative kunnskapen til bruk inn i dei aktuelle settingane.

Sett i ettertid kan det sjå ut til at ein – særleg på sentralt hald – kunne ha hatt sterkare fokus på å gje kommunane betre grunnlag for å jobbe kvalitativt. At dette ikkje vart gjort kan skuldast at kvalitativt arbeid tidlegare har vore utført enten av eller i tett samarbeid med metodisk kvalifisert personell (FoU-personell). Medan vi no fekk ein situasjon der eit stort tal kommunar/ personar sette i gong utan å ha denne bakgrunnen. Dette medførte – som vi såg – frustrasjonar og til dels at innsamla materiale vart liggande brakk fordi kommunane ikkje i stor nok grad hadde sett føre seg på førehand kva som trongst for å gjere materialet om til tenlege data.

No vil vi slett ikkje svartmale dette. Kvalitative data kan vere så mangt. Og intensjonane med bruken variere. Om målet er å hente inn nye typer informasjon på eit område, enten for å drive eksplorativt (sjå kva ein kan finne), for identifisere utfordringar som ikkje kjem fram gjennom strukturerte, kvantitative data eller om det skal brukast for å vinne erfaring med

andre typar av data, så kan ein likevel ha utbytte av slike data. Meir og meir variert kunnskap vil vanlegvis vere betre enn mindre. Men – om målet er å etablere eit nytt datagrunnlag av høg kvalitet som skal brukast i meir offisielle kunnskapsoversikter (jf. delmål 1), så må der stillast strenge krav til måten datainnsamling og -utforming vert planlagt, gjennomført, analysert og presentert.

Utfordringar med deltaking

Vi fekk inntrykk av at dei som deltok på samlingane hadde utbytte av dette. Ei utfordring vi såg var at det kunne vere vanskeleg å få til deltaking ut over dei sentrale, prosjektinvolverte. Dette hadde samanheng med økonomi og kapasitet – kanskje særleg det siste då fylkesprosjektet strekte seg langt for å dekkje konkrete deltakarkostnader. Det viste seg – sjølv om desse samlingane var planlagt god tid i førevegen – at mange fann det utfordrande å møte. No skal vi ikkje samanlikne mellom dei to fylka – til det var opplegg og struktur for ulike. Men vi merka oss likevel at kommunane frå Hordaland i stor grad stilte med fleire 'stakeholders' på samlingane. Dvs. personar som representerte sivilsamfunn og brukargrupper. Det kom i den forbindelse også fram at Hordaland hadde ein design der personar frå utdanningsinstitusjonen i større grad var kjøpt fri til å kunne yte t.d. kursing inn mot kommunane som deltok. Dette basert på avtalar også 'på utsida' av det aktuelle prosjektet – som i større grad gjorde HVL²³ til ein kunnskapsressurs å bruke aktivt.

Så her kan ein ta med to erfaringar inn i mot framtidige prosjekt:

- Det trengst god tilrettelegging for å sikre at også andre enn dei mest sentrale i prosjekta har høve til å delta (dette er også viktig med tanke på arbeidet med å etablere god lokal forankring – det vanskelegare å byggje entusiasme blant dei som ikkje vert involvert slik.
- Det kan vise seg vere ein god strategi å etablere breiare og meir langsiktige samarbeidsrelasjonar med utdanningsinstitusjonane. Om prosjektet vert opplevd som nyttig og relevant for arbeidet fylkeskommunen gjer – og skal gjere – kan det vere fornuftig å ha enkel mulegheit til å engasjere utdanningsinstitusjonen til å yte meir av det som trengst – også ut over prosjektet sine rammer.

²³ Høgskulen på Vestlandet

Studieturen

I august -18 vart det arrangert ein studietur til Vejen kommune på Jylland. Fylket og dei tre kommunane deltok alle. Det er meldt tilbake at deltakarane opplevde turen som svært interessant og nyttig, og at dei hadde stort utbytte av å besøke ein kommune som kunne vise til erfaring med å jobbe med kvalitative data inn i nærmiljø- og folkehelsearbeid.

Då vi ikkje deltok på denne turen vil vi avgrense refleksjonane til å kommentere dei *danske erfaringane med lokalutval*. Dette fordi vi også tidlegare har skrive om kor viktig det kan vere å bruke grendeutval e.l. som verktøy. I Vejen kommune hadde mange og små distrikt/område sine egne utval. Desse hadde til disposisjon ein mindre pott pengar dei kunne bruke til tiltak dei opplevde som viktige. Til likes med nærmiljøtilskota på Storhaug, så var også her terskelen låg, beløpa var små og krav til rapportering og byråkrati var minimale. Ut frå dei tilbagemeldingar vi har fått vart dette verktøyet opplevd som noko av det meir spennande ein såg. Dette er og i tråd med erfaringar vi har hatt frå ulike lokal- og nærmiljøprosjekt tidlegare: det å ha ein arena/eit forum med tilgang på litt støttemidlar som kan tilpassast lokale behov viser seg vere viktig for å skape god forankring.

Elles er det verdt å merke seg at fleire opplevd at den danske gjennomføringsevnen synest vere langt høgare enn den norske. Når eit vedtak først var formelt klarert, så var det ikkje berre vedtatt men også straks gjennomført. For ein kompetanseinstitusjon som HLB er dette interessant å merke seg, at gjennomføringsevne her var sett som viktigare enn å få gode overgangar og kanskje ha meir utprøvande gjennomføring. Det krev at gjennomførarar har tru på at det ein gjer faktisk er rett – og at ein forventar å ha botemiddel i bakhand om noko går skeis. I Noreg er det nok slik at gjeldande praksis er meir prega av gjennomføring som ein prosess, der ein har eit mål å strekke seg mot, men at ein må rydde vegen framover mot dette målet – medan ein går.

Her er det og to refleksjonar å ta med seg vidare:

- Viktigheita av lokal arena som rår over litt midlar til diverse mindre tiltak. For å arbeide med forankring og tillitsbygging – attåt det å kunne støtte lokale initiativ

- At der er ulike måtar å sjå på gjennomføring: som ein vidareførande prosess og som ei stadfestande handling. Begge to er interessante, og vil kunne ha konsekvensar t.d. for korleis ein framover kan jobbe med medverknad og forståing av denne.

Eldsjelene – dei som brenn hardt og sterkt

Ordet 'eldsjel' har etter kvart vorte vanleg i bruk når gjennomføring er på agendaen. Ein er samde om at det å ha dedikerte enkeltpersonar/grupper – som sjølve har interesse av at tiltak vert iverksett (anten fordi dei har nytte av det sjølve, fordi dei har dette som jobb eller oppdrag, eller fordi dei kan ha interesse av å medverke til handling meir generelt) – viser seg ofte å ha vore utslagsgjevande når tiltak vert sett ut i livet. Eldsjeler kan vere vanskeleg å finne – men når dei først viser seg gjeld det å involvere dei og gjere dei til medspelarar og partnarar så fort som råd.

I alle dei tre kommuneprosjekta har vi sett at der er rom for eldsjeler og deira innsats, men det er nok enno ulikt i kva grad desse er involvert.

- I Tysvær, der prosjektet har krinsa kring ulike planleggingsutfordringar, har det kanskje ikkje vore rom for den store innsatsen frå eldsjelene enno. Dei er ofte mest verksame når ting skal konkretiserast, val skal takast og ikkje minst når oppgåver skal fordelast og setjast ut i livet. Likevel – ein har til ei viss grad møtt på eldsjeler også i denne innleiande fasen, som deltek på folkemøte og har sterke meiningar – ofte utan å ha ei tydeleg eigeninteresse. Og truleg vil ein erfare at desse vert stadig viktigare når ein skal omsetje innspel til ny handling.
- I Randaberg kan ein kanskje seie at det enno ikkje har vore så stor plass for dei lokale eldsjelene. Dette fordi vi er vant å finne dei i den vaksne del av befolkninga. Ofte er dette personar som anten er involvert gjennom sine born eller gjennom å ha hatt ein interesse for noko over tid. Då kan det vere vanskeleg å få fram eldsjelene blant ungdomsskuleelevar. Dei finst – i alle fall som forstadium – men vi merka oss at det ikkje i spesiell grad har vore snakka om eldsjeler i kommunens prosjekt. Vidare har ein valt verktøy og metodar som kanskje ikkje er ideelle for eldsjeler å dukke fram. Vi

tenkjer her særleg på dei verktøya som vart brukte for å skaffe dei første kartleggingsdata gjennom ABC-W metoden og korleis ein arbeidde vidare på workshops. Begge desse var ganske strukturerte, og særleg workshopen med ungdom og fagpersonar hadde ein struktur som gav innflytelse til fagpersonane (misforstå oss rett: vi likte veldig godt at og korleis desse verktøya vart tatt i bruk – men ein må nok erkjenne at desse ikkje akkurat fremmar eldsjelstrategien på same vis som eit meir klassisk folkemøte vil kunne gjere).

- I Stavanger har områdesatsinga på Storhaug hatt ein karakter som kan ha verka fremmande for eldsjelene. Det vart opna opp for at dei som opplever å ha noko å bidra med – på ein eller annan måt - kunne få kome fram med dette. Eksempelvis har både campingvogna og nærmiljøtilskota hatt slik karakter. Likevel har det ikkje vore så mykje fokus på eldsjeler i Stavanger heller.

Eldsjeler har heller ikkje vore i fokus i fylkesprosjektet. Skal vi reflektere kring dette, så kan det ha med å gjere at prosjektet har hatt fokus på metodar – og særleg nye metodar. Eldsjeler er eit av dei klassiske 'verktøya' vi har med oss heilt attende frå 80-talet, og har ikkje vore fokusert på heller nasjonalt. Det var difor til dels forfriskande å høyre på paneldebatten på Sluttkonferansen der det vart nemnt frå ein rådmann (Flesberg kommune) at eit av tiltaka dei sats på var «Ladestasjon for eldsjeler». Eldsjeler er nemleg sårbare – om dei først brenn ut kan dei vere særst vanskeleg å kveikje opp att. Og når det mange stader er få av desse – og dei er viktige og aktive, så er der alltid ein fare for at dei brenn ut.

- Det vart ikkje sagt noko om kva ein slik ladestasjon bør omfatte. Men dette er eit viktig innspel å ta med vidare i arbeidet. Kanskje kan 'ladaren' bestå i t.d. mindre økonomisk støtte som kan gje mulegheit til å prøve ut idear og innsatsvilje. Kanskje kan det vere litt eit forum som ei sjølvhjelpsgruppe, der ein saman kan hjelpe kvarandre. Uansett. Eldsjelene må takast vare på for å kunne yte sin verdfulle innsats.

Dialogbaserte tiltak

Prosjektarbeidet i alle kommunane har ein karakter som tilgodeser dialogbaserte arbeidsformer. Tysvær har hatt høyrings- og folkemøteaktige prosessar der kommunen og andre lokale aktørar har møtt sivilsamfunnet, både som enkeltpersonar og lokale lag. I Randaberg har dei unge vore aktivt inne i dialog med kommunale og andre fagpersonar. Og i Stavanger har ein dyrka dialogen bl.a. i campingvogna.

Men vi har i liten grad fått informasjon attende om at denne dialogen har vore brukt til å bygge partnerskap og å konkretisere lokale utviklingsidear. Og nettopp dette er noko av det viktige som vi på HLB har røynt gjennom mange prosjekt og satsingar tufta på dialog: at ein gjennom dialogen må vere parat til å gripe eventuelle mulegheiter som måtte dukke opp.

Dette er også ei kjernesak knytt til det å skulle drive følgeforsking. Følgeforsking har som mål å kome i aktiv dialog for slik å stimulere til refleksjon som kan føre til ny handling. (Lokal)samfunnsbasert prosjektarbeid vil i regelen vere komplekst og mangslunge, der vil difor dukke opp mulegheiter undervegs, andre gonger vil ønskje aktivitetar måtte droppast fordi ting endrar seg. Ein må difor arbeide med ein beredskap for endring og eit auge for mulegheiter. Slik prøver vi å angripe i rolla som følgeforskarar, og slik ønskjer vi at også andre deltakarar skal kunne arbeide.

Dette betyr å være klar på at dialogen ikkje berre er ein måte å skaffe ny faktainformasjon på, som at ein gjennom dialogbaserte metodar kan skaffe innspel til planprosessar o.l. Dialogen opnar og for andre mulegheiter, først og fremst til å kunne identifisere aktørar for partnerskap og konkrete utfordringar å jobbe vidare med og til å bygge interesse for deltaking.

I samtale med prosjektleiaren i Tysvær var vi innom dette. Vi reflekterte kring dette med at medverknadsprosessar ofte får fram ulike typar informasjon, frå det heilt uvesentlege, via det heilt konkrete som lett kan implementerast, det som kan utviklast gjennom vidare dialog og involvering i eit formelt eller uformelt partnerskap, til det som må gå inn i dei formelle planprosessar og bli med der som innspel. Vi såg då som særleg interessant det som kan utviklast til aktivitetar gjennom dialog. Som det vart sagt: kommunane manglar ofte strategi for å handtere ulike typer innspel 'der og då'. Vert helst at ein notere ned og ta med – og så

er det litt opp til kor dyktig den enkelte er om noko skjer eller ei. Om ein kom til møtet oppsett med eit tre-firedelt skjema og direkte kunne fordele innspel etter kva type det var, eller om ein gjorde dette som dialogprosess på møtet (først klassisk idédugnad, så dialogverkstad der ein sorterte og kanskje prioriterte) så kunne ein kome ut frå møtet både med ulike typer av innspel og forslag OG med oversikt over mulege medspelarar på dei ymse aktivitetane.

Så om vi oppsummerer:

- Det vil vere vesentleg å vere godt førebudd på prosessar/andre arenaer som kan (vil) oppstå på folkemøte. Etabler gjerne ein enkel struktur som tillet å sortere/strukturere og kanskje prioritere/registrere samarbeidsmulegheiter. Både vert etterarbeidet enklare av dette, og det er langt større sjans for at alle kan gå frå møtet både med kjensle av å ha utretta noko og konkrete planar om korleis ein skal jobbe vidare

Kontroll over verkemiddel som trengst for å gjennomføre (verktøy, maskiner, bygningar og kompetanse)

Når kommunen/det offentlege er ute og møter sivilsamfunnet vil ein og kunne oppleve det at sivilsamfunnet er ressursrikt. I dei fleste lokalsamfunn møter ein slike som i sitt daglege arbeid rår over kompetanse og andre ressursar som kan vere nyttige. Ofte har dei og tilgang til desse ressursane privat og er villige til å bidra. Nett slik vi ser i sivilsamfunnets dugnadssituasjonar: Då stiller ein med bedrifta sin hjullastar eller gardsbruket si motorsag, samt steike- og brasekompetansen for å lage dugnadsmaten. Desse ressursane er det i stor grad frivilligheita sitt privilegium å kunne gjere bruk av. Det offentlege kan sjølv berre i avgrensa grad oppmode til å ta slike i bruk – det skal ofte lite til for å overstige habilitetsgrenser for det offentlege. Kan ikkje be ein entreprenør stille med gravemaskin og tilhengar. Men det kan sivilsamfunnet gjere.

Vi trekte dette fram i ein refleksjonssamtale med Randaberg, då dei der røynde at politisk nivå truleg ikkje ville gå vidare med den forslåtte utbygginga av fellesområdet i sentrum. Reaksjonen var (som venta) at dette ikkje kan gjerast då ein måtte vere lojal overfor det

politiske systemet. Og det er sjølvsagt eit godt poeng. Som kommunalt tilsett kan ein ikkje gå bak ryggen på dei folkevalde/dei som styrer og arbeide for alternative løysingar. Men – i eit partnarskap vil private og sivilsamfunnets aktørar kunne arbeide med denne typen løysingar, og ein kan slik ha det som ein plan B.

Dette peikar igjen på viktigheita av at ein alt tidleg i prosessen greier aktivisere sivilsamfunnet inn i lokalt samfunnsutviklingsarbeid. Det vil opne mange nye mulegheiter, også kva gjeld praktisk samarbeid mellom det offentlege og private aktørar.

Oppsummert:

- Partnarskap mellom offentlege, private og sivilsamfunnsaktørar vil kunne opne nye mulegheiter også kva gjeld det å utføre praktisk arbeid der partane kan bidra med eigen kompetanse og eigne ressursar.

Gode tiltak kan gje forhandlingsstyrke og betra posisjon overfor andre aktørar

Dette vert ein variant av det gamle bibelordet om at 'den som gjev han skal få'. Eller at 'suksess avlar suksess'. Det er i alle høve slik i mange andre situasjonar: Om ein viser evne til å løyse utfordringar på eitt område, får andre lettare trua på at ein kan utføre også anna.

Kva er det då som er avgjerande for om ein greier utføre/løyse utfordringar kring 'gode tiltak'. Vi veit noko om kva som må til – bl.a. at ein må prøve ofte for å oppnå suksess. Internasjonale studiar har vist at 90 % av alle nystarta bedrifter er borte innan ti år. Der er gjort studiar som seier at det er mykje det same her i landet. Av ulike grunnar hadde dei ikkje livets rett. Og vidare at det ved oppstart er bortimot umogleg å avdekkje kven som vert blant dei 10 vellukka prosentane.

Då står ein att med at det er viktig å starte mange. Enkelt sagt vil ein då auke sjansen for at nokre vil overleve – gitt at oppstarten er tufta på best muleg kunnskap. *Med andre ord at ein ikkje bør vere redd for å satse om ein trur noko er rett å gjere.*

Det same vil gjelde også når vi ser på lokalsamfunnsutvikling som t.d. nærmiljøtiltak for folkehelse. Om vi ikkje prøver har vi ingen sjanse – om vi prøver er der alltid håp og om vi verkeleg legg alle krefter inn så vil ein i regelen auke sjansen for suksess. Og suksess vert lagt merke til – kanskje særleg innan det offentlege. Vi har dei siste 30-40 åra hatt mange bølger der ein har følgd etter andre sin suksess i forsøk på å gjenskape denne i eigen kommune. Av og til med suksess – oftare som fiasko fordi ein gløymde at ein god ide ikkje var nok – den må ha ei god lokal forankring også!

Dette er vel også eit underkommunisert emne: at ein ikkje skal gjenskape men bidra til å nyskape. Meininga er enkelt sagt at det ofte er små variasjonar i rammevilkår, i lokale ressursar, lokale preferansar etc. – om ein ikkje prøver ta desse med i likninga vil ein oftare oppleve tilbakeslag.

Særleg dette siste er noko vi har merka oss, både i dette og i andre prosjekt. Her vart det frå sentralt hald oppmoda til å gå i gang å bruke ulike metodar – ofte ukritisk. Kanskje var det lite realistisk å tru at prosjekta sjølve skulle greie finne dei gode lokal tilpassingane, men det burde i langt større grad vore omtala at det å gjere lokal tilpassing er absolutt viktig – og særleg når vi snakkar om kvalitative metodar som nettopp er særleg vare for lokale variasjonar. Det er det lokale, eller det situasjonsspesifikke som nettopp karakteriserer det kvalitative. Det kvantitative er per definisjon meir generelt og allmenngyldig. Bl.a. i val av måleverdiar, indikatorar etc. For dei kvalitative vil vi ofte ha problem med å kunne utvikle eigna indikatorar fordi det er så situasjonsavhengig.

Ein kunne bruke forsøket på å bruke fotokonkurransen via sosiale media som eit slikt døme. Vi veit at dette hadde fungert tidlegare/andre stader. Men i Randaberg var ikkje dette rette grepet. For så vidt eit døme som var vanskeleg å kunne føreåtseie ikkje ville virke. Men likevel eit godt døme.

Oppsummert:

- Suksess avlar suksess. Om du viser at du evnar gjennomføre vil andre raskt vise deg interesse og involvere deg
- Ein må satse for å vinne. Både ved å ha relativt låg terskel for å gå i gang og at ein har realistisk tru på prosjektet.
- Du må vere dyktig til å sikre lokal tilpassing. Det er ikkje nok å repetere andre sine suksessar – du må gjere den til din eigen, basert på det som gjeld der du er.

Samarbeidsavtalar som regulerer aktivitetane

Partnarskap og samarbeid har vist seg vere viktige grep når ein arbeider i og med lokalsamfunn. Noko anna vi har røynt er at det også er viktig å strukturere dette arbeidet – dvs. å etablere klare, mest muleg eintydige samarbeidsavtalar.

Prosjektbeskrivelsen som kommunane sende inn for å bli vurdert for deltaking i dette prosjektet er eit døme på ein slags samarbeidsavtale. Særlig om ein ser dei saman med kontrakta og dei årlege løyvingane. Dette utgjer grunnlaget for samarbeidet mellom kommunane og fylkesnivået /sentralt nivå. På den andre sida er dette kanskje også døme på ei ikkje alt for detaljert samarbeidsavtale. Den gjev rammene, klargjer intensjonane og skisserer aktuell ressursbruk. Men den vil vere alt for grovmaska til å kunne fungere som ein god samarbeidsavtale på dei konkrete tiltak og aktivitetar.

Vi har vore inne på at det ikkje er så mange konkrete tiltak som er iverksett (enno). Prosjektet har mest hatt form av metodeprøving og forsøk med kvalitativ datainnsamling. Det er likevel ikkje noko i vegen for at ulike tiltak av nemnde typar også vil ha godt av at ein gjorde grundig arbeid med å beskrive prosessen på førehand. Vi har nemnt dette med at ein har erfart at ein har site att med informasjon som ein ikkje har visst korleis ein skulle gå vidare med. Dette er tilhøve som både kan og bør vere belyst i førearbeid til slike prosessar. At noko er kvalitativt og har relativt usikkert utfall hindrar ikkje at ein kan gjere godt og nyttig forarbeid. Og dette

vil i praksis ha ei form som er likeverdig med det vi her omtalar som samarbeidsavtalar for felles tiltak.

Randaberg gjennomførte i 2018 ei enkel spørjeundersøking om synet på og forståing av medverknad i kommunen. I ettertid vart vi kontakta med spørsmål om å bidra til å bearbeide data og sjå 'om der kunne vere noko å hente'. Vi ser der at svararane (kommunalt tilsette og politikarar) i hovudsak ser på medverknad som verkty for å generere input i ulike saker, meir enn som ein prosess som er viktig i seg sjølv

Også ein slik enkel kvalitativ survey bør vere tufta på ei form for avtale – i det minste med seg sjølve, der ein gjer har gjort det klart kva som er målet, kva ein reknar med å kunne få ut av dette og kvifor ein trur dette. Vidare korleis ein tenkjer å gjennomføre arbeidet, korleis sikre anonymitet, korleis data skal presenterast etc. Då har ein i det minste ein samarbeidsavtale med seg sjølv! Som formulerer mål og intensjonar, framgangsmåte og mulege utfordringar . Surveyen vil då verte enklare å bruke i det vidare arbeidet – særleg om ein samarbeider med andre. Då er det svært bra om alle veit kva dei er venta gjere og når, og tilsvarande kva dei andre skal bidra med og korleis.

Men ingen regel utan unntak – vi har alt fleire gonger omtala kor viktig det er at ein t.d. kan ha slike lågterskel nærmiljøtilskot som t.d er brukt i Stavanger. Men der kan nemnast at i dette tilfellet er det eigentleg forståinga av at slike tilskot kan vere viktige i seg sjølv som er det viktige grepet – meir enn sjølve tildelingane. At ein vart einige om at bydelsgruppa skulle ha eineansvar for utdelinga, som eit lågterskeltilbod, er viktigare som ramme enn detaljar knytte til det tilhøve i enkelte tilskotet.

Oppsummert:

- Avtalar er viktige å ha. Dei ryddar og strukturerer og hindrar unødige konfliktrar å oppstå
- Det er fornuftig å etablere system der ein lagar gode gjennomførings/ samarbeidsavtalar – også der kommunen er einaste involverte
- Det er viktig å ha klart føre seg kva som er tiltaket (som ein bør ha beskrivande avtale om) og kva som er resultat av tiltaket

Formelt grunnlag i lover og retningslinjer. Kompetanse og tilgang på verkemiddel og reell kapasitet til å kontrollere gjennomføring av tiltak og satsingar.

Når det gjeld dette punktet vil vi i svært stor grad kunne seie at prosjektet, på alle dei aktuelle nivåa, i stor grad fyller dei krav og forventningar ein kan stille. Per dato er dette kommunale og fylkeskommunale prosjekt som er utforma, gjennomført og rapportert innom rammene av eit svært 'prosjekterfarent'g system. Som samstundes viser seg vere relativt fleksibelt og tilpassingsdyktig. Ein evnar tilpasse til reell framdrift i kommunane og har mulegheit til å gjere naudsynte endringar.

Der er ofte lite skilje mellom det å vere ryddig og ha formell kompetanse, og det å evne å gjere naudsynte tilpassingar. Vi har t.d. sett dette ift. arbeidet vi utfører med rådgjeving og følgeforskning der ein ved behov har justert på tidsrammer og oppgåver. Og vi har sett det ift. arbeidet som er planlagt med utarbeiding av ein felles idébank for det nasjonale prosjektet. Når dette – og også den nasjonale evalueringa - trekkjer ut i tid, så justerer ein rammene slik at ein kan få god gjennomføring. Målet er å få fram resultat, ikkje å jage prinsipp. Slik sett viser prosjektet både sentralt og på fylkesnivå at ein er mest opptatt av å få eit prosjekt godt i hamn.

Oppsummert:

- Det kjem ikkje som ei overrasking at kommunar og fylkeskommune kan det å drifte prosjekt, og har rutinar som gjer det både ryddig, føreseieleg og fleksibelt

5) Mobilisering og forankring

Når det gjeld medverknad vil det å mobilisere til innsats og forankre for å bidra til prioritering av arbeidet vere heilt sentrale aspekt. Det vil difor vere naturleg å opne dette kapitlet med å gå litt nærare inn på dette med medverknad som verkty – eller metode – i samfunnsutviklingsarbeid.

Historisk sett har dei fleste samfunnssystem vore maktbaserte. Gjennom militær, åndeleg eller økonomisk makt har styrande kunne gjennomføre – i stor grad utan å måtte ta omsyn til kva sivilsamfunnet måtte meine om dette. Klårast såg vel vi dette i eineveldetida i Noreg (1660 – 1780). Då var all makt samla hos ein person – kongen. Han hadde all makt (gitt frå Gud) og var difor ufeilbarleg. All makt var samla på ein stad – men for å kunne utøve måtte denne makta desentraliserast gjennom eit embetsverk. Likevel, desse representerte den eine makta. Vedtak kunne fattast – og i stor grad gjennomførast utan tanke på konsekvensane – sjølv om ein også då registrerte på om det vart positivt motteke. Alternativet var gjerne uro og opprør. Av ulike grunnar skulle ikkje dette vare evig, eineveldet var etter kvart avløyst av det som har utvikla seg til vår form for demokrati.

Men det tok lang tid før reell og ålmenn mulegheit til medverknad fekk ein plass i dette biletet – som anna enn det å bruke røysteretten ved val. Medverknad kom særleg inn i vårt system gjennom planleggingslovgevinga, som kan seiast vere det mest omfattande systemet for å ta avgjerder som vi har i Noreg.

Det første som kom inn var høve til medverknad gjennom høyringar og innseiingar i reguleringssaker. Etter kvart kom reglar om at der skulle vere faste fristar for å legge til høyring der ein kunne bidra med innspel. Dette var likevel sterkt knytt til det å ha 'legitime' interesser (vere nabo e.l.). Først med revideringa av PBL på 70 talet kom medverknad inn knytt til høyringsinstituttet ved kommune- og regionplanarbeid.

Utetter 80-talet var det stor interesse blant forskarar (og andre interesserte) for dette med medverknad, og etter kvart kom det press på at medverknad, for å vere reell, måtte vere noko

meir enn bere å kunne reagere på forslag. Det var ønskeleg å få medverknad inn i prosessen, for slik å kunne påverke både det som vart gjort og til dels måten det kom til å bli gjort på.

Etter som planverket vart utvida til å femne om stadig fleire sider ved samfunnslivet følgde medverknadsinstituttet med på lasset. Døme på dette kan vere satsinga vi fekk med satsinga på «Helse i plan». Om helse og helsefremmande arbeid skal vere element i planlegging, må utforming av helse og folkehelsestype tiltak sjølvstendig og vere opne for medverknad. Dette var og ein parallell til dei generelle trendar for openheit, transparens og deltaking som vi hadde hatt frå 80-talet av.

Resultatet vart at vi i dag har eit lov- og regleverk som i stor grad er prega av mulegheit til medverknad, innsyn og involvering både i dei innleiande fasar og vidare mot avslutninga av både store og mindre prosessar. Vi er nesten der at om nokon finn det interessant å delta så skapast rom for dette. Og dette er ikkje noko særnorsk eller skandinavisk fenomen. Vi finn dei same prosessane, om enn ulikt langt kome, t.d. i alle landa i EU. Det kan vere rett å karakterisere samfunnet i dag som medverknadssamfunnet. Med større eller mindre grad av suksess i involveringa.

Ein kan spørje seg kvifor det er blitt slik. Om vi har kunnskap som seier at dette gjev oss betre samfunn enn det maktbaserte. Langt på veg har vi vel det – men der er ender og kore snublesteinen enno.

Makt eller medverknad

Der er to hovudgrunngevingar for at medverknad vert sett som betre enn makt som styringsprinsipp

- At medverknad skaper eit meir gunstig gjennomføringsklima. Færre vil opponere om dei har blitt involvert og kjenner seg trygge på innhald og grunngeving for å utføre ei handling eller gjer eit vedtak
- At medverknad aukar sannsynet for å finne dei beste (eller kanskje 'dei betre') løysingane.

Som økonom kan det vere naturleg å sjå dette som parallelt til prinsippa Adam Smith trekte opp for den perfekt fungerande marknaden: ein opnar for at dei mange små røystene skal kunne få bidra og om alle fritt kan delta er det sannsynleg at dei gode løysingane vil kunne vinne fram. Ein kunne også argumentere for at dette ut frå Habermas og hans teori om 'den tvangsfrie diskursen': berre om ulike meiningar får brytast mot einannan i eit likeverdig system vil dei betre løysingane (kunne) vinne fram.

Dermed vil det vere å ynskje at vi har brei, reell og aktiv medverknad på dei fleste plan. Men – er det eigentleg det vi som samfunnsmedlemer ynskjer? Vanskeleg å vite sikkert. Der er bl.a. ein finsk-britisk studie av pasientmedverknad som kan tyde på at folk flest ikkje ønskjer å måtte medverke – men at dei opplever det som naudsynt fordi eit viktig element knytt til (positiv) maktutøving er borte: tilliten manglar. Fordi dei ikkje lenger har full tillit til at fastlegen kan yte fullgode tenester i alle høve, så vert det i eiga interesse å engasjere seg for å kunne observere og om muleg korrigere.


Medverknad står då att som det minste av to vonde. Kanskje ikkje det ideelle utgangspunktet, men likevel ei praktisk og grei tilnærming: slik det er i dag vert eg best ivareteken om eg vel å involvere meg i eigne og i andre relevante situasjonar.

Governance og samfunnsstyring

Ei anna tilnærming til medverknad går via forståinga av governance (samfunnsstyring) som styringsprinsipp. Sjølv ordet governance vert internasjonalt brukt noko varierende, både som term for samfunnsstyring, men også som nemning for den klassiske instrumentelle styringa. På norsk har vi ilt dei siste 20-30 åra utvikla ei forståing av at Governance står for samfunns- (dvs. medverknads-)styring medan Government vert nytta for å beskrive klassisk top-down, makt- og regelbasert styring.

Figuren på neste side illustrerer eit viktig prinsipp ved Governance og medverknad. Den gode medverknaden vert oppnådd når der i størst muleg grad er samsvar mellom dei signal som styringsnivået sender ut og dei interesser som lokalsamfunnet representerer. Då møtes top-

down og bottom-up og ein får største gjennomføringskrafta – alle involverte er samde om kva som vil vere dei beste løysingane




Figuren viser og at prosessen med å utvikle/uttrykke felles interesse kan hjelpast/påverkast frå eksterne aktørar (tenk konsulentar e.l.). Kunnskap frå prosessen kan vidare bidra inn i parallelle og/eller framtidige prosessar.

Idyll eller konflikt

Skildringa ovanfor kan kritiseras for å presentere eit alt for idyllisk bilete av medverknad og samhandling. At alle har som mål å unngå konflikhtar og finne felles realiserbare løysingar. Til det er å seie at konflikt er eit uunngåeleg trekk ved relasjonar mellom personar, grupper, i og mellom samfunn. Dei kan ikkje fjernast, ikkje alltid løysast, men må alltid handterast for å kome vidare. Og – om ein ikkje rår over sterke maktmiddel, så står ein eigentleg att med to

mulegheiter: å gje opp eller å finne løysingar som alle partar kan leve med. Dette er det figuren illustrerer.

Lenger framme introduserte vi omgrepet 'grenseobjekt' – det at ulike aktørar kan sjå på/vurdere same strukturen ulikt – og leve godt med dette fordi alternativet ville vere verre.



Då HLB for nokre år sidan leia arbeidet i «Jærsmia»²⁴ kunne vi med rette beskrive denne arenaen som eit grenseobjekt. Jærsmia var utforma som ein *tenketank*. Slike er oftast ei samling av slike som tenker likt, ein utklekkingsanstalt for djupe tankar og analyser kring eit tema alle i utgangspunktet er einige om. Vi ønskte med Jærsmia å bruke krafta i denne arbeidsforma til å samle aktørar som var opptekne av same tema/utfordring (jordvern), men i utgangspunktet var usamde både om kva som var gale og kva som burde endrast på. Slik ville vi utnytte eigenskapane til eit grenseobjekt innan dei kreative rammene av eit tenketank prosjekt. Vi røynde at dette kunne fungere. Gitt god tilrettelegging/fasilitering oppnådde vi å

²⁴ <http://hlb.no/jaersmia-tankesmie-for-dialogbasert-arealutvikling/>

få semje om viktige prinsipp – uttrykt ved to prinsipperklæringar som har fått betydning for lokal arealforvaltning.

Vi skapte ikkje idyll gjennom Jærsmia, men greidde å få vanlegvis ikkje-samarbeidande aktørar til å einast om viktige prinsipp. Eit døme på det vi illustrerer i governance-figuren ovanfor.

Dette betyr at vi slik har etablert eit enkelt prinsipp for å kunne drøfte og framstille medverknad.

Om medverknad i prosjekta

Partner- og innbyggjarmedverknad er relevant å omtale for dei tre kommuneprosjekta. Desse hadde alle fokus ut mot innbyggjarane og sikta mot å involvere desse i prosjektaktivitetane. For fylkesprosjektet var det annleis, det var retta mot å sørve kommuneprosjekta og å byggje nettverk/forankring inn mot andre offentlege og private aktørar.

Tysvær har i stor grad lukkast med å involvere lokalbefolkninga i aktivitetane. Ein har t.d. gjennomført idédugnad/folkemøte og brukt MyCity-plattformen for å få innspel til sentrumsplan i Aksdal, brukt MyCity i trafikkplanleggingsprosjekt, prøvd ut ein pilot på Barnetråkk, bl.a. for å involvere barn og unge gjennom skulen, gjennomført folkemøte og møtt lokale på stand ute i grendelaga m.v. Slik sett har ein nådd ut og involvert mange direkte til å kome med innspel. Til ei viss grad har dette vore gjennomført slik kommunen har gjennomført medverknad også tidlegare, men der har vore nokre nye tilnærmingar:

- MyCity. Kommunen har ved to høve brukt dette internetbaserte verktøyet for å hente innspel. Det er ope for alle å bruke, og ein har høve til å 'like' innspel frå andre slik at dei kan 'få større tyngde'. Verktøyet er kartbasert. Ein melder attende at ein er nøgd med verktøyet, men også at det ikkje utan vidare innhentar særleg mange innspel. Truleg kan ein med dette nå andre grupper, men det er likevel slik at innspela vert enkeltinnspel og at det ikkje utan vidare

er slik at ein kjem i dialog med dei som brukar det. Og – at det kan vere sårbart for ‘kupp’.

- Trafikkagenten. Eit app-basert verktøy der skuleungdom kan registrere utfordringar/hendingar på skulevegen. Dette er eit vel kjent verktøy på dette feltet, og i Tysvær har ein som elles fått gode innspel frå å bruke dette. Den store fordelene er at ein hentar info direkte frå den aktuelle brukargruppa – borna sjølve.
- Kommunen stilte opp på ‘stand’ utanfor lokale butikkar m.v. utover i bygdelaga. Dette vart opplevd som nyttig metode, men også her var det ei sentral erfaring at det går greitt å få kontakt – det er vanskelegare å etablere kontakt/dialog som varer ut over dei meir tilfeldige møta.
- Siste året har ein inngått samarbeid med forskarar ved OsloMet om eit samarbeid for å få eldre i tale. Ein har nytta spørjeskjema og samtalar, og møta har skjedd i ulike ‘eldrefora’ – dette for å møte innbyggjarane mest muleg på deira eigne premiss. Ein har tankar om å utvikle dette vidare til å byggje meir fast kontakt og kanskje sjå på muligheit for å etablere det som kallast ‘citizen science’, dvs. at ein trekkjer gruppa aktivt inn i arbeid både med datainnsamling, databearbeiding/analyse og kanskje på sikt involvering i å utvikle og gjennomføre løysingar.

For Tysvær generelt kan seiast at ein har prøvd ulike verktøy som etablerer kontakt og skaffar innspel, men at ein enno ikkje er komen særleg vidare på det å bygge meir faste kontaktpunkt/arenaer. Vi har hatt samtalar der vi saman har reflektert t.d. kring dette med å kunne etablere grendelag. Dette er interessant for prosjektet, men bl.a. det at dei ulike delane av kommunen er så ulike gjer at ein i så fall ser føre seg eit heller variert utval av slike. Grendelag er noko ein sikkert kjem til å ta med vidare inn som mulege forslag.

Vidare har kommunen – for å byggje eigen kompetanse på medverknad og kvalitative arbeidsmetodar – engasjert HLB til å bistå i arbeidet med å bearbeide/analysere innsamla, kvalitativt materiale og til å kurse tilsette i å forstå/bruke kvalitativt materiale. Dette samarbeidet startar opp i desember 2018 og går eit halvt år framover.

Randaberg. Her var prosjektet meir direkte retta mot barn og unge. Ein gjennomførte enkle kartleggingar av ulike stadars bruksverdi/nytteverdi for dei unge og utvikla ein kartbasert presentasjon for dette. Har engasjert ungdomskuleelevar i planleggingsarbeid knytt til fritidsområde i sentrum, har gjennomført fleire workshopar og ei spørjeundersøkelse om haldningar til medverknad blant folkevalde og kommunalt tilsette. Generelt har ein hatt suksess i å involvere dei unge – etter diverse innkøyringsproblem.

- Fotokonkurransen. Ein ønskte bruke ein fotokonkurranse til å skaffe innspel på kva dei unge sjølve opplevde av kvalitetar/utfordringar i kommunen. Dette lukkast ein ikkje engasjere dei unge til å delta i – det vart difor avslutta og ein valde ei meir tradisjonell involvering gjennom skulen sitt tillitselevsystem
- Workshop som verkty. Ein har gjennomført to workshopar der dei unge har vore deltakargruppe. Først til å innhente innspel, deretter til å arbeide vidare med desse i form av å lære om ulike metodar. På begge desse var interne og eksterne fagfolk involvert for å rådgje/hjelpe dei unge. Erfaringane med desse er positive. Det ligg føre resultat i form av videoar og tilrettelagde data/innspel. Det vi vil nemne spesielt her er at ein gjennom bruk av desse verktya greidde å halde involvering og aktivitet oppe over tid. Det vart meir enn enkelthendingar, og dei unge vart engasjert over tid. Vi veit at dette er viktig for å byggje positive haldningar til medverknad. Det som truleg har virka andre vegen var at det forslaget til fritidssamlingsplass i sentrum som var direkte resultat av dei unge sitt arbeid, truleg ikkje kjem vidare gjennom det kommunale plansystemet slik at forslaget stoppa utan konkret resultat. Vi vil og nemne at ein i arbeidet med workshopane var klare i å informere om at utarbeiding av forslag ikkje ville garantere gjennomslag. Likevel er dette ei negativ oppleving som vil kunne medføre at framtidige involveringsprosessar kan bli vanskelegare.

I samtale med prosjektet har vi fleire gonger nemnt at dette ikkje er ein uvanleg situasjon å kome i, og at det kan vere greitt å ruste seg med alternative strategiar om så skjer, t.d. at det kan opprettast alternative partnerskap på utsida av den offentlege forvaltninga. Vi vil og nemne den enkle spørjeundersøkelsen ein gjennomførde. Noko av det interessante ved denne er at den viser at både folkevalde og tilsette i stor grad har ei tradisjonell forståing av medverknad som det å invitere inn til høyringar og til å kome med innspel i føreliggande prosessar. At kommunen skal tilretteleggje best muleg for at innbyggjarar kan delta, men at

det må vere den enkelte sitt ansvar om ein vel å engasjere seg. Og at deltaking er knytt til det å gje innspel til konkrete, aktuelle saker, ikkje som prosess.

Dette er ikkje noko å utsetje på. Eit slikt syn er i stor grad i tråd med korleis ein i kommunar/det offentlege ser på medverknad. Men – om målet er å etablere gode og meir varige strukturar for medverknad, så lyt ein i større grad utfordre dette klassiske synet i retning av å tilretteleggje for deltaking på meir permanent basis, i ulike deler av tiltak sine fasar, t.d. også kva gjeld gjennomføring.

For Stavanger/Storhaug er det vanskelegare å velje blant dei mange aktivitetane. Men her må vi ha i minnet at ein både før, under og etter dette prosjektet hadde levekårsløft/områdesatsing for Storhaug, og at desse aktivitetane hadde/har ressursar som langt overstig nærmiljøprosjektet sin direkte innsats. Det er difor vanskeleg å vite kva som er resultat av prosjektsatsinga og kva som ville skjedd uansett – fordi ein hadde denne store satsinga. På mange måtar har vi opplevd det mest utfordrande å arbeide opp mot Stavanger fordi ein her alt hadde på plass ein tenleg arbeidsmodell, ein hadde gjennomført medverknadssatsingar lokalt, hadde gjennomført kartleggingar som involverte bebruarane osv. Vi vil likevel nemne arbeidet med nærmiljøtilskot og bruken av campingvogna. Dette fordi prosjektet sjølv har lagt særleg vekt på desse, både i kontakten med oss og på samlingar m.v.

- Nærmiljøtilskotsordninga. Vi har omtalt denne tidlegare. Her er det naturleg å nemne at den har blitt sett på som eit mobiliserings- og forankringstiltak. Gjennom desse relativt små tilskota, med lav terskel for tildeling og enkel søknadsbehandling, har ein makta vise at kommunen er til stades og er interessert i at gode ting skal skje i bydelen. Det har og markert at innbyggjarar og deira forslag vert tekne på alvor. Det fine med ordninga er at den vil kunne halde fram også etter dette prosjektet er avslutta, slik at det kan opplevast som eit permanent tilbod. Vi har tidlegare sett frå nærmiljøarbeid at det er særskild viktig å ha slike 'smøremidlar' tilgjengeleg. Dei vert opplevd som nyttige og det er med å byggje tillit mellom kommunen og innbyggjarane. Det er t.d. vanleg at grendelag i mange kommunar rår over tilsvarande midlar (om enn mindre enn totalen i dette høvet)

- Campingvogna. Denne har fått stor mediedekning og vore med å setje eit positivt lys både på dette prosjektet og på arbeidet med å løfte levekåra i området. Vi veit at slike 'markørar' har positiv betydning. Dette er ei form for merksemd der lokale kan få kome til orde i ein open og trygg kontekst – men utan nokon lovnad om at innspel skal få gjennomslag, berre at dei vert høyrte og teke på alvor.

Vi har i andre prosjekt røynt at ei slik haldning er viktig. Og ikkje minst er viktig å få kommunisert: *At vi vil høyre kva de har å seie – men at vi sjølv sagt ikkje kan love at vi vil gjere slik de seier.* Ut frå det vi har røynt ser det ut til at prosjektet har vist ansvar her – også kva gjeld å bringe innspel vidare til relevante aktørar i det offentlege.

Har kommunane realistisk oppfatning av situasjonen?

Medverknad, same korleis ein vel å angripe fenomenet, så er det vesentleg at ein har god – og mest muleg korrekt – forståing av kva som er den reelle situasjonen. Skal ein kunne greie å mobilisere deltakarar til aktivitet og aktørar til å involvere seg, føreset dette at ein kjenner situasjonen ein er i og har oversikt over kva som finst av mulegheiter.

Rett nok kan vi sjå dette som ein prosess, der målet dels er å bruke prosessen til å skaffe den gode informasjonen, og til å mobilisere aktørar til innsats. Dette kan sjå ut som å bita seg sjølv i halen: for å kunne mobilisere må der vere høg grad av tillit, for å få tillit må vi ha god kunnskap, for å få kunnskap må der vere ei mobilisering som gjev vilje til å medverke. Eller, ein kan sjå det som at det vert litt vilkårleg kvar ein startar/kva ein startar med, så lenge ein er open, transparent og ærleg i forsøket.

Vidare kan ein spørje seg – kva er det ein skal ha realistiske oppfatningar av? Er det alle dei små og store trekk som karakteriserer situasjonen, eller er det prosessane/relasjonane mellom aktørane. Dette er to vesentleg ulike spørsmål. Om det er den første så kan ein berre kome vidare gjennom først å gjere eit stort og detaljert arbeid med masse innhenting av data. Er det den andre, så kan utfordringa i større grad løysast ved at ein snakkar med kvarandre og

avklarar kva interesser ein har og kva handlingar ein tek med seg inn i arbeidet. Langt meir overkomeleg.

Det er denne andre tilnærminga vi ser som viktig her. Og det er denne tilnærminga vi berre i liten grad kan sjå ha vore framme i prosjektet til no. Ein har i stor grad gått ut for å hente inn faktakunnskap og vurderingar kring ulike tiltak og mulege satsingar. Men vi ser nokre døme på at ein også prøver gå i den retning vi her oppmodar til. Tysvær har gjennomført ei kartlegging av og blant eldre som i stor grad har hatt fokus på å få fram kva dei eldre opplever som bra og mindre bra ved ulike situasjonar/trekk i deira lokalsamfunn. For så vidt konkrete spørsmål, men lagt opp slik at det opnar også for meir overordna refleksjon kring kva det er som gjer ein stad til ein god eller ein mindre god stad.

Om ein får fram slike opplysningar, kan desse brukast meir prinsipielt til å skildre viktige trekk ved det gode eller mindre gode. Og då er ein også nær det å kunne ha ei forståing av korleis ein kan karakterisere slik som t.d. vilkår for samarbeidsprosessar.

Vert det fokuserer på dei viktigaste utviklingstrekk og utfordringane

Her må ein kunne stille spørsmålet om kva som er dei viktigaste – og korleis ein skal kunne avgjere kva desse er og om dei verkeleg er så viktige. Spørsmålet er i utgangspunktet utforma med tanke på å skulle analysere meir tradisjonelle, aktivitetsorienterte prosjekt og ikkje som her der vi har prosjekt med fokus på medverknadsmetodikk som verktøy for å bygge kunnskap om folkehelse og nærmiljøspørsmål.

Her kan vi snakke om at ein i Tysvær har større grad har hatt fokus på aktivitetar og utfordringar enn på sjølve prosessen med å få medverknadsmetodar til å verte nyttige reiskapar. Det vart samla inn relativt mykje data, men som sagt skjedde dette kanskje litt på autopilot når ein først skulle samle data (ikkje noko unikt for Tysvær). Ein konkretisert i liten kva ein spesifikt var ute etter og korleis ein ville bruke ulike typar av data. Utover i prosessen

har ein blitt meir bevisst på dette, og bl.a. sett i gong arbeid med å utvikle den kommunale kompetansen på det å skaffe fram og gjere bruk av kvalitative data

På den andre sida ser vi frå prosjektet i Randaberg at ein der har arbeidd lenge med ein bestemt og eigenutvikla metodikk som er prøvd/brukt over tid og har gitt nyttig erfaring både om prosessuelle og praktisk-konkrete utfordringar. Ein starta ut med ei tilnærming som ikkje fungerte etter planen, tok prosessen ned att, drøfta mulege alternativ og valde ein meir tradisjonell involveringsstrategi. Når den så viste seg fungere tok dei aktiviteten vidare mykje etter dei same linjene ein hadde sett føre seg. Hovudskilnaden var at ein hadde hatt von om å kunne mobilisere på basis av deltakarane sin eigen innsats, men måtte falle attende til ein strategi der dei brukte ein eksisterande arena – tillitselevordninga i ungdomsskulen. Måten dette vart gjort på var elegant og vitnar om ei god forståing av det å endre retning undervegs.

For Stavanger sitt vedkomande har vi vore inne på at ein her hadde prosjektet som ein del av eit større prosjekt, og at det kan vere vanskeleg å skilje desse to frå kvarandre. Ein kan spørje seg om det er eit poeng å skilje desse. Til det må seiast at det vil vere viktig om ein kan sjå at folkehelse og nærmiljøprosjektet har hatt sjølvstendige effektar og ikkje berre har bidrege til å løyse utfordringane i områdesatsinga. Men, om vi ser på arbeidet for å bidra til auka og betre medverknad, så har ein både hatt dei før nemnde nærmiljøtilskota og campingvogn- turneane. Desse hadde klar karakter i retning medverknad og ser ut til å ha hatt god effekt med å mobilisere og involvere lokalt. Vidare kan nemnast at bydelsutvalet på mange måtar ikkje står fram som resultat av ei mobilisering, meir som eit taktisk utval gjort for å oppnå effekt. Rett nok effekt som viste seg ha god effekt på mobilisering i neste ledd. Slik sett er årsaksforståingane komplekse.

I tilknytning til satsinga på Storhaug har ein og basert seg på føreliggjande kunnskap (levekårsindeks) som seier noko om kva som er utfordringane og kor store dei er. Området er valt ut på bakgrunn av slike data og ein har brukt dei til å setje i gang særlege aktivitetar for å mobilisere lokalt

Oppsummering:

- Dette ser ut å vere eit punkt der kommunane har hatt noko ulike praksis. Alle har dei vore opptatt av det dei opplevde som viktige utfordringar, men det er ulikskap i kor stor grad desse har bidratt til kunnskap og kompetanse om medverknad, mobilisering og involvering.
- Over tid meiner vi å sjå at dei alle har fått klarare fokus på dette. Kanskje heng dette saman med at dei har gjort erfaringar og hatt behov for å justere, både fordi ein har fått klarare forståing av kva som var målet med prosjektet, og fordi ein kan ha opplevd at slik ein starta ut ville det vere vanskeleg å nå målet/måla.
- Vi har og lufta dette med addisjonaltet – om det at prosjektet vart sett i gang bidrog til å få gjort aktivitetar som elles ikkje ville blitt gjort – og reflektert over utfordringar det elles ikkje ville blitt reflektert over.

Fylkesprosjektet

Om vi ser på fylkesprosjektet, så har det vore klart at ein der satsa på å stimulere til kunnskapsbygging. Dei konkrete aktivitetane skulle skje i kommuneprojekta, fylkesprosjektet skulle dels vere ein administrativ arena og dels ein arena for dialog mellom kommunar, fylke og dei eksterne aktørane. Vi opplever at ein i stor grad har halde seg til dette, kanskje også slik at kunnskapselementet har vorte klarare lenger utover i prosjektet. Dette kan bl.a. ha med det å gjere at det tok tid for kommuneprojekta å utvikle kunnskap om kva behov dei hadde. T.d. kan det sjå ut til at ein måtte prøve litt medverknadsverktøy for å sjølv erfare at verktøy åleine ikkje var nok – ein måtte også forstå dei og skjønne korleis dei best kunne brukast. Som kompetanseinstitusjon opplever vi, særleg knytt til samlingane, at vi har blitt utfordra på å levere kunnskap kring dette.

Vi har og opplevd fylkesprosjektet som ærlege på at dei ikkje stod i ein kunnskapsmessig annan kategori enn kommunane, at det var dei regionale utdanningsmiljøa som var kompetanseaktørane, i lag med andre eksterne kapasitetar som t.d. eksterne deltakarar som hadde spesialkompetanse på ulike verktøy o.l. At også fylkesprosjektet hadde interesse av å lære meir om kvalitativt arbeid og fann dette nyttig.

For fylkesprosjektet kan punktet oppsummerast slik:

- Ein tok inn over seg rolla som arena for kunnskapsbygging.
- Etter som ein røynde kva det var behov for i kommunane sytte ein for å etablere tilbod om dette på samlingane og gjennom studieturen

Involvering/forplikting

Ei vesentleg side ved medverknadsarbeid og mobilisering kan illustrerast ved i kva grad ein har lukkast i å involvere sentrale aktørar. For prosjektet i Rogaland vil vi i stor grad rette dette mot det å mobilisere sentrale aktørar i kommuneorganisasjonane til å framsnakke prosjektet og til å bidra til at arbeidet med medverknad og kvalitativ metode skal bli betre forstått, etterspurd og brukt i kommunen sitt arbeid.

Vi har særleg hatt høve til å følge dette i Randaberg, der forankring innad i eigen organisasjon har kome opp som tema nokre gonger. Det generelle inntrykket er at ein har lukkast ganske bra, men at dei ved ulike høve har opplevd det utfordrande:

- T.d. var det slik at ein ikkje utan vidare slapp til inn i skulen. Etter at medverknadsstrategi fotokonkurranse vart skrinlagt, ønskte ein å kome inn i klassene og rekruttere til deltaking, og at dette kunne sjåast på som eit samfunnsfagleg arbeid inn i skuleverket som også ville vere til nytte for skulen. Men her fekk ein ikkje inngang. Det vart meldt attende at det allereie var så stort press på dagar og timar gjennom det ordinære skulearbeidet at ein ikkje kunne prioritere dette prosjektet i tillegg. No ordna dette seg etter kvart gjennom tillitspersonordninga, men den løysinga vart likevel noko anna enn opphavleg tenkt.
- Det var og slik at behandling av forslaget om fritidssatsinga i sentrum vart sett ut i tid. Ein hadde ønske om å få det behandla før jul, men det var eit godt stykke over nyttår før det vart behandla. Det er ikkje uvanleg at saksbehandling tek tid – ei heller meir tid enn føreset. Men her hadde prosjektet interesse av å få saka opp før jul – ein hadde truleg håp om at der då kunne finnast noko meir midlar slik at det kunne vere større sjanse for suksess. Men dette skjedde

ikkje. Det kan uansett vere at prosjektet var for ambisiøst til å kome inn på prioritet slik frå sidelina. Likevel kan ein merke seg at det viste seg umogleg å få saka opp som først lovt – med tanke på det å forankre prosjekt i eigen administrasjon.

Hos oss på HLB ser vi i ettertid at vi nok burde ha teke opp forankring som tema oftare, både overfor kommunane og fylkeskommunen. Vi veit at dette er særskild viktig for å gjennomføre prosjekt med suksess. At forankring ikkje var eit prioritert tema skuldast i hovudsak at temaet ikkje kom til overflata som ei utfordring i særleg grad, og at vår aktive innsats i stor grad vart styrt av kva utfordringar kommunane opplevde som viktige undervegs.

[Eksisterer det ein visjon for framtida som det er brei semje om?](#)

Når vi ser på prosjektet i ettertid vert dette eit interessant spørsmål å stille. Rett nok har vi her hatt med tre kommunar og ein fylkeskommune å gjere – og det er lite tenkeleg at alle desse skulle ha ein felles visjon. Det måtte vel i så fall vere knytt til målsetjingane i det nasjonale prosjektet: å utvikle gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmar folkehelsa.

Frå aktivitetane ser vi at dei tre prosjekta valde ulike arbeidsmåtar og ulike tema stod i fokus. I Randaberg å få til aktiv medverknad frå barn og unge. I Stavanger å bidra til å forbetre levekåra i eit utsett område. Og i Tysvær å prøve ulike metodar i møte med lokale innbyggjarar i tilknyting til ulike plansituasjonar. Vi såg at kvar av kommunane i stor grad har vore trufaste mot sine eigne mål – og at desse måla ligg klart innanfor den overordna visjonen for det nasjonale prosjektet.

I kva grad der er semje om visjonen og kanskje særleg dei lokale angrepsvinklane er vanskelegare å seie. Men vi har indikasjonar på dette i og med at vi ikkje har sett at desse er blitt utfordra i særleg grad. Slik sett tyder dette på at sentrale aktørar i kommunane har stilt seg bak visjon og lokal tilnærming.

Så kan vi nemne at dei svara som kom inn på spørjeundersøkinga i Randaberg kunne tyde på at det enno er mange i eigen organisasjon som ikkje ser den heilt store verdien av å satse på medverknad. At ein såg på medverknad mest som eit klassisk grep for å hente innspel til bruk i interne vurderings-/saksbehandlingsprosessar heller enn som verkemiddel for å bygge kontakt og etablere dialog mellom forvaltning og innbyggjarar. Vi må likevel vedgå at det truleg har vore slik at også dei lokalt prosjektansvarlege i stor grad har hatt slikt syn. Vi seier dette fordi vi i våre refleksjonssamtalar har teke opp temaet og fått forståing for at vårt 'meir radikale' syn var interessant og relevant, men at det ikkje utan vidare var dette synet ein hadde i dei tre prosjekta. Frå HLB si side ser vi dette som bilete på at dei nyare tilnærmingane til medverknad der ein har medverknad både mål som og verkemiddel enno ikkje er særleg utbreidd utanfor forskar-/utdanningsmiljø.

Engasjerer aktørane seg sjølve for å betre (den aktuelle) situasjonen?

Med aktørane sjølve meiner vi her innbyggjarane. Til dette spørsmålet ser vi ein klar tendens, men med visse unntak.

Generelt ser vi at aktørane, når dei vart invitert til å delta, har engasjert seg inn i den aktuelle situasjonen. Men at dei ikkje har gjeve uttrykk for at dei i særleg grad vil vere med å finne, utvikle eller implementere løysingar. Dette kan skuldast at dei ikkje i særleg grad har blitt invitert til å delta vidare i prosessane, jf. det som er sagt om haldningane som kom fram i surveyen om haldning til medverknad i Randaberg. For vi har jo og sett t.d. gjennom nærmiljøtilskota i Stavanger at ein der har frigjort kreativ og aktiv innsats hos dei lokale – langt ut over det ressurstildelinga skulle borge for. Korkje frå Randaberg eller frå Tysvær har vi fått liknande døme. Mest truleg fordi ein ikkje enno har invitert aktivt til dette.

Vi såg i Tysvær at ein ikkje hadde ein klar strategi for korleis ein skulle behandle lokale innspel ut over det at ein skulle ta dei med vidare. Vi reflekterte rundt dette på siste møtet med kommunen, og det kom då fram at om ein hadde hatt ein strategi – t.d. for å plukke ut innspel

som kunne eigne seg for vidare arbeid lokalt, kunne ein ha makta involvere fleire over lenger tid. Men dette vart ikkje gjort då innsamlinga skjedde (2016-17).

Oppsummering:

- Trass i at det i liten grad har vore tema, er det grunn til å tru at ein kunne fått meir aktiv – og varig – involvering om ein hadde kome til møte med innbyggjarane med klar oppfatning om korleis ein ville arbeide vidare med materialet.- særleg om ein ønskte legge til rette for at interesserte aktørar kunne involverast direkte.

6) Læring og refleksjon

Den femte variabelen i Dugnadsmodellen er lærings- eller evalueringsvariabelen. Denne er sterkt knytt til det å bruke aktivitetane som basis for læring: lære å utføre aktiviteten betre, lære å setje saman 'aktivitetspakkar' og bidra til å få ei betre forståing av korleis erfaring frå arbeidet kan bidra til betre forståing av kva ein bør satse på og korleis ein bør arbeide for å få best muleg forankring både i lokalsamfunn og eigne organisasjonar.

Læringa er også knytt til at/om det finst faste, vedtekne rutinar for korleis tiltak og aktivitetar skal evaluerast og rapporterast. Vi har vore inne på det at både fylkeskommunen og kommunane er røynde prosjektdrivarar med basisorganisasjonar som har god kunnskap om korleis prosjekt skal rapporterast og evaluerast (i sær internt). Det er difor gjennomført årlege rapporteringar med fokus på aktivitetar som har blitt gjennomført, korleis dei har lukkast m.v. Vi vil ikkje gå nærare inn på denne rapporteringa.

Her er vi meir opptatt av om læringa frå aktivitetane har blitt ført attende og påverka korleis ein eventuelt vidare har utvikla organisering og satsingsfelt. Om vi ser til Randaberg, ser vi at dei 'lærte av motstand' og endra satsinga for medverknad frå fotokonkurranse til å skaffe inngang gjennom skuleverket. Når den valde vinklinga så ikkje lukkast, greidde dei å endre seg på nytt til å kome i inngrep via tillitspersonordninga. Slik sett er dette eit klårt døme på at ein greidde å omsetje konkret erfaring frå eit tiltak til nye taktiske grep.

Stavanger viste evne til omstilling då dei to prosjektansvarlege gjekk ut av prosjektet samstundes som ein skulle prosjektere for eit utvida og mykje meir omfattande prosjekt. Men – dette kan ikkje skrivast på dette prosjektet si kappe. Likevel er det døme på at vi hadde med ein organisasjon som hadde røynsle med å måtte gjere naudsynte endringar undervegs. Ny prosjektleiar vart innhenta og fekk tid til å 'arbeide seg inn i' prosjektet, medan andre aktørar kom inn og planla det nye prosjektet. Dette resulterte i at den nye gradvis kunne gli meir og meir inn i rolla som prosjektleiar.

I Tysvær hadde ein ikkje nokon slike større 'hendingar' som impliserte kursendring eller andre utfordringar.

På fylkesnivået kunne vi observere at prosjektleiar var lydhøyr overfor det som skjedde i kommunane og prøvde leggje til rette etter som behovet endra seg. Vi har nemnt korleis kunnskapsressursen (HLB og til dels HVL) vart nytta, og har inntrykk av at det vart opplevd som viktig å ha tilgang til denne ressursen. Vi opplevde det slik at ein ønskte bruke dei nasjonale samlingane til å late kommunane bli kjent med dei andre kommunane og korleis desse jobba, for å få flest muleg erfaringar. Og at det nasjonale nivået skulle framskaffe input om aktuelle metodar og praktiske tilnærmingar. Så skulle ein lokalt (i fylket og i lag med Hordaland) arbeide med å konkretisere arbeid med kvalitative tilnærmingar då dette viste seg vere ei felles utfordring for kommunane.

Vi har inntrykk av at det var dei regionale kompetanseinstitusjonane som – også nasjonalt – engasjerte seg i det å problematisere kvalitative arbeidsmetodar og bruken av slike inn i prosjektet. At det var desse, HLB inkludert, som vektla at det å arbeide meir kvalitativt både var annleis, kunne vere vanskeleg og endåtil bortimot umogleg basert på at kommunane ikkje hadde planlagt desse innsamlingane godt nok på førehand. Dette vart plukka opp og tatt med som tema på regional samling.

